PLANOMTALE

Detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2 – 99/3.
Plan-ID 20210003
Vinje kommune

Kunde: Inger Birgitte Vågslid

Prosjekt: Detaljregulering for Storrlineset del 2 – 99/3

Prosjektnummer: 10220613

Rev.: 6 Dato 22.06.2026

Rapporteringsstatus:

☒ Endeleg
☐ Oversending for kommentar
☐ Utkast

Utarbeidd av:	Sign.:
Alexander Stettin Amalie Brårmo Verstod Marte Haugsvold	NOALST NOAMBR NOAAMH
Kontrollert av:	Sign.:
Signe Vinje	NOSIVI
Prosjektleiar:	Prosjekteigar:
Alexander Stettin	Magnhild Ek Brynilsen

Revisjonshistorikk:

Rev.	Dato	Skildring	Utarbeidd av	Kontrollert av
6	22.06.2026	Etter vedtak i kommunestyret	NOAMBR	NOALST
5	17.11.2025	Etter 1.gongs sakshandsaming	NOAAMH	NOSIVI
4	03.04.2025	Etter attendemelding frå planadministrasjonen	NOAAMH	NOALST
3	25.10.2024	Etter attendemelding frå planadministrasjonen	NOAAMH	NOALST/NOSIVI
2	15.01.2024	Etter attendemelding frå planadministrasjonen	NOSIEL	NOALST
1	08.03.2023	Etter attendemelding frå planadministrasjonen	NOAAMH	NOALST
0	29.07.2022	Høyringsutkast til kommunal handsaming	NOALST	NOSIVI

SwecoSeljord
Vekanvegen 10

NO-3840 Seljord,
Telefon +47 35 06 44 44

www.sweco.no

Sweco Norge AS
967032271
Hovedkontor: Oslo

Utarbeidet av
Alexander Stettin
Amalie Brårmo Verstod
Marte Haugsvold

Mobil +47 41 69 02 12
Alexander.stettin@sweco.no

Innhald

Arealoppgåve 5
1 Bakgrunn 6
1.1 Føremålet med planen 6
1.2 Lokalisering 6
1.3 Utbyggingsavtalar 7
1.4 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing 7
2 Planprosess og medverknad 8
2.1 Varsla plangrense 8
2.2 Medverknadsprosess og sakshandsaming 8
2.3 Varsling av planoppstart – innkomne merknader 8
2.4 Informasjonsmøte på teams 15
2.5 Særskild dialog med naboar nærast framtidig utbygging 16
2.6 Særskilde ønskjer frå eksisterande hytteeigarar 17
2.7 Dialog med planadministrasjonen i Vinje kommune 17
2.8 1.gongs sakshandsaming 18
3 Planstatus og rammer 19
3.1 Statlege rammer 19
3.2 Overordna planar 19
3.3 Gjeldande reguleringsplanar 23
3.4 Pågåande planar 24
3.5 Temaplanar/andre planar med relevans for planarbeidet 24
4 Eksisterande forhold i planområdet 25
4.1 Lokalisering og avgrensing 25
4.2 Dagens arealbruk i og rundt planområdet 25
4.3 Stadens karakter 25
4.4 Eigedomsforhold 25
4.5 Landskap 26
4.6 Kulturminne og kulturmiljø 26
4.7 Naturmiljø 26
4.8 Flaum 29
4.9 Friluftsliv og rekreasjon 30
4.10 Sosial infrastruktur 30
4.11 Barn og unge sine interesser 30
4.12 Trafikk 31
4.13 Teknisk infrastruktur 32
4.14 Støy/luftkvalitet 33
4.15 Grunnforhold og skred 34

5 Skildring av planforslaget 35
5.1 Reguleringsformål/arealregnskap 35
5.2 Plassering og utforming av bygg 36
5.3 Trafikkløysingar 39
5.4 Friluftsliv og nærmiljø/uteopphaldsareal 41
5.5 Teknisk infrastruktur 42
5.6 Midlertidig massetak 44
5.7 Rekkefølgjekrav og gjennomføring 45
6 Verknad av planforslaget 46
6.1 Overordna planar 46
6.2 Verdiskaping og arbeidsplassar 46
6.3 Landskap 46
6.4 Naturmangfaldlova 50
6.5 Flaum 51
6.6 Friluftsliv og rekreasjon 51
6.7 Barn og unge sine interesser 52
6.8 Eldre sine interesse 52
6.9 Trafikk 52
6.10 VA-infrastruktur 54
6.11 Støy og luftkvalitet 54
6.12 Midlertidig massetak 55
6.13 Klimaavtrykk arealendring 56
7 Oppsummering av risiko- og sårbarheitsanalysen 58
8 Kjelder 59

Vedlegg

1. Plankart, rev. 3 (17.11.2025)
2. Føresegner (17.11.2025)
3. ROS-analyse, rev. 2 (17.11.2025)
4. Notat vassmengder bekk
5. Flaumrapport Kjelaåi
6. VA-plan
7. Lengdeprofilar nye vegar
8. Støyvurdering
9. Vurdering luftkvalitet
10. Rapport naturmangfald
11. Konsekvensutgreiing naturmangfald
12. Referat informasjonsmøte
13. Samla innspel
14. Dialog mellom planleggjar og hytteeigar 99/779
15. Dialog med Vågslid løypelag
16. Dialog angåande pumpestasjon og luktutfordringar.

Arealoppgåve

Nøkkelopplysningar		
Gnr./bnr.	Delar av 99/3 samt tidlegare frådelt bruk	
Tiltakshavar	Inger Birgitte Vågslid	
Forslagsstillar	Inger Birgitte Vågslid	
Planen er utarbeidd av	Sweco Norge AS	
Storleiken på planområdet	439 daa	
Hovudføremål	Fritidsbustad	
Tal på hyttetomter	65	
Utnyttingsgrad	Mellom 20-25 % BYA	
Krav om konsekvensutgreiing	Ja	
Kunngjeringar	Varsel om planoppstart	16.04.2021
	Digitalt informasjons- og medverknadsmøte	29.04.2021

1 Bakgrunn

1.1 Føremålet med planen

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for ei utviding av det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset med 65 tomter. Intensjonen er å halde fram med planlagt utbygging i omtrent same tettleik og med liknande høgder og utnyttingsgrad som i områda rundt. Eksisterande infrastruktur vil bli regulert som bygd, og den vil delvis bli brukt av nye tomteeiningar. Ny infrastruktur er regulert som tilkomstvegar til nye tomteområde, ny VA-infrastruktur syner ein med omsynssoner i plankartet. Gjeldande føringar i føresegnene til kommunedelplanen i Vågslid er lagt til grunn i reguleringsføresegnene.

Tiltakshavar er Inger Birgitte Vågslid og plankonsulent er Sweco Norge AS.

1.2 Lokalisering

Planområdet ligg i Vinje kommune, om lag 15 km. vest for Haukeli langs E134 (Figur 1). Tilkomstveg til området er via avkøyring frå E134. Tiltaket grensar hovudsakeleg mot E134 i nord, hyttefelt i aust, Arbuvatn i sør og ubygd areal i vest.



Figur 1: Lokalisering av planområdet (svart markør) i Vinje kommune. Kjelde: www.kommunekart.com.

1.3 Utbyggingsavtalar

Eksisterande hyttefelt blei utvikla utan utbyggingsavtale, i og med at ikkje Vinje kommune praktiserte dette då. I staden har grunneigar innbetalt 5000 kr per seld tomt til grunneigarlaget, som blei brukt på felles tiltak. I tillegg har grunneigar vore med på finansiering av destinasjonstiltak, som ljosløypa og skibru.

No ynskjer Vinje kommune å inngå ei utbyggingsavtale med tiltakshavar for finansiering av felles tiltak på Vågsli. Parkeringsplassen ved avkøyring til Svarttjønnåsen er eit av tiltaka kommunen ønskjer å finansiere med ein avtale. Tiltakshavar ynskjer ikkje å inngå ei avtale med kommunen då han meiner utbyggingsavtale på Vågslid ikkje fungerer, per dags dato. Ingen av hyttefelta i nærområdet er utvikla med utbyggingsavtaler.

1.4 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Det vart gjort ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing (jr. Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6 og 8) i forkant av varsel om oppstart av planarbeid. Plankonsulent kunne ikkje sjå at tiltaket kom i konflikt med § 10, tredje ledd, bokstav a-h, og meinte difor at planen ikkje utløyste krav om konsekvensutgreiing. Etter gjennomgang av plandokumenta saman med Vinje kommune, vart konsulent likevel pålagd å utføre ei konsekvensutgreiing for naturmangfald, etter innkomen merknad frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

2 Planprosess og medverknad

2.1 Varsla plangrense

Figur 2 viser illustrasjon av den varsla plangrensa.

Planavgrensing er satt i eigedomsgrensene for teig 99/3 mot vest, aust og nord. I sør går plangrensa i vasskanten.

Planområdet blei til slutt utvida til å omfatte regulert småbåthamn i Arbuvatn, i tråd med gjeldande regulering.



Figur 2-1: Varsla plangrense (svart, stipla linje). Kjelde: Sweco Norge AS.

2.2 Medverknadsprosess og sakshandsaming

Oppstartsmøte	15.03.2021
Varsling av planoppstart	16.04.2021
Informasjonsmøte	29.04.2021
1.gongs handsaming	21.05.2025 (utsett)
Ny 1.gongs handsaming	29.10.2025
Høyring og offentleg ettersyn	13.01.26-06.03.26
2.gongs handsaming	
Slutthandsaming i kommunestyret	16.06.26 (sak 56/26)

2.3 Varsling av planoppstart – innkomne merknader

Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort i Vest-Telemark blad 20.04.2021, på Vinje kommune og Sweco sine heimesider, og med brev til aktuelle høyringsinstansar, grunneigarar, festarar og naboar den 16.04.2021. Innspelsfristen blei sett til den 14.05.2021.

Då fristen var ute hadde det kome inn 14 innspel. Samandrag av desse kan ein lese under, ilag med kommentar frå plankonsulent.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 12.05.2021

Flaumfare rundt vatn og bekkar må takast omsyn til, inkludert handtering av overvatn, med opne vassvegar og overordna blågrøn struktur. Andre løysingar må grunngjevast. Påverknad frå klimaendringar må inn i ROS-analysen.

Myrområde, bekkar, vatn og naturlege vassvegar bør vernast. Områda rundt bekkar og vatn bør merkast som omsynssone i plankartet med føresegner om at kantvegetasjonen blir tatt vare på. Minner om byggegrense i kommunedelplanen.

Friluftslivsinteresser må sikrast, og gjerne visast i plankartet.

Naturmangfald må vurderast, og ein bør verne eventuelle gamle furuer. Innverknad på villrein må greiast ut og ein bør ikkje legge til rette for meir ferdsel inn i villreinområde. Ein må også ta omsyn til påverknad på landskapet.

Støyverknad må vurderast, (auka trafikk) både for eksisterande og nye fritidsbustader (støysoner langs Haukelivegen).

Fellesområde må utformast universelt.

Merknadar frå planleggjar:

Flaum er omtalt i kap. 6.5 Flaum*, i tillegg til vedlegga ROS-analyse, notat vannmengder bekk og Flaumrapport Kjelaåi. Overvasshandtering er omtalt i kap. 6.10* VA-infrastruktur *og vedlagte VA-plan.*

Skiløypa gjennom planområdet blir ikkje endra. Det blir heller ikkje fleire plankrysningar over løypa. Les meir om verknad for friluftsliv og rekreasjon i kap. 6.6 Friluftsliv og rekreasjon*. Elles tek ikkje planforslaget stilling til korleis det overordna løypenettet på Vågsli skal utformast, dette skal vere høveleg vurdert i KDP Vågslid og Vinje kommune sin sti- og løypeplan.*

Naturmangfald er registrert og verknader kan lesast i kap.6.4. Sjå òg vedlegget «Rapport naturmangfald».

Verknader for landskap er omtalt i kap. 6.3 Landskap*.*

Støy og luftkvalitet er vurdert i kap. 6.11 Støy og luftkvalitet*. Sjå òg vedlegga «Støyvurdering» og «Vurdering luftkvalitet.*

Universell tilgjengelegheit på turstigar og fellesområde i naturen er vanskeleg å kombinere med skånsam utbygging. Planframlegget legg opp til ein høg standard på planlagt tursti, men den vil ikkje tilfredsstille krava som Norges Handikapforbund stiller til universell utforming av turstigar. Det er eit anlegg ved Arbutun, som tilfredsstillar desse krava.

Vestfold og Telemark fylkeskommune, 11.05.2021

Føresegnene i KDP Vågslid rundt tema om ivaretaking av sti- og løypenettet sommar og vinter bør leggjast til grunn i planarbeidet. Sti- og løypenettet bør vere tilgjengeleg for alle. LNF-formål frå KDP Vågslid langs vassdrag og minimum byggjegrenser (50 meter) langs Kjelavassdraget bør vidareførast.

Ein bør vektleggje interessene til barn og unge, og legge til rette for fellesareal for opphald, møteplassar og areal for leik og utfalding. Her må ein også legge vekt på trafikksikre løysningar i planarbeidet.

Eventuelle konfliktar i høve til beitebruk i utmark bør vurderast. Ein bør ikkje legge til rette for hytteutbygging der det er myr.

Fylkeskommunen tilrår at meldeplikta etter Kulturminnelova § 8 andre ledd blir innarbeidd i føresegnene, og foreslår ein konkret tekst.

Det er viktig at kommunen legg landskapsomsyn, natur- og grøne kvalitetar samt stadskarakter til grunn for utbyggingsmønsteret. Ein må vurdere grøne kvalitetar og «gode grep» for fortetting. Ein bør nytte rekkefølgjekrav for utbyggingstakt og fellesfunksjonar i kvart område.

Merknadar frå arealplanleggjar:

Les meir om verknad for friluftsliv og rekreasjon i kap. 6.6 Friluftsliv og rekreasjon. *Ein opprettar ein ny turveg, som skal ha høg standard. Den vil likevel ikkje tilfredsstille krav til univell utforming.*

50 m byggjegrense i samsvar med KDP er overhalde. Byggjeområda er stort sett avgrensa i tråd med KDP. Ein ny internveg ligg inne i 50-m beltet, tomtene på innsida bryt KDP sine grenser med nokre meter.

Trafikktryggleik er omtalt i kap. 6.9 Trafikk

Det er ingen landbruksinteresse i området per i dag. Utbygginga held seg unna myr.

Meldeplikta er ordrett innarbeidd i føresegnene.

Verknader for landskap er omtalt i kap. 6.3 Landskap.

Statens vegvesen, 12.05.2021

Ein føreset at tilkomsten til området skjer om eksisterande og godkjend avkøyrsle frå E134 – aust for planområdet. Byggjegrense frå E134 må vere i tråd med KDP Vågslid (minimum 50 meter).

Merknadar frå planleggjar:
Tilkomst er planlagd via den godkjende avkøyringa. Byggjegrense på 50 m langs E134 er overhalde.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 18.05.2021

Ein må ta omsyn til vassdraga i planprosessen, med bakgrunn i at området kan vere flaumutsett. Ein bør ikkje legge til rette for hytteutbygging der det er myr, og ta omsyn til framtidig klima. Ein må vurdere overvasshandtering og andre kompenserande tiltak i samband med effekten av framtidige klimaendringar..

Elles viser NVE til deira rettleiarar og verktøy ein bør bruke i planarbeidet, til dømes *Flaum- og skredfare i arealplanar (NVE, 2-2011)*.

Meknadar frå planleggjar:
Det er utarbeidd eiga flaumanalyse for Kjelaåi og overvassnotat med tanke på avrenning til Storrlibekken. Myr har ein ikkje planlagt å byggje ned.

Anne Engedal (99/777), 21.04.21

Hytteeigar Engedal ønskjer ikkje fortetting i nærleiken av hytta si.

Merknadar frå planleggjar:
Det er ikkje planlagt fortetting i nærleiken av 99/777.

Bent Jacobsen, 23.04.2021

Jacobsen skildrar dagens avkøyring frå E134 som trafikkfarleg, og meiner avkøyringa ikkje vil tole auke i trafikkmengda. Han legg fram ønskje om rekkefølgjekrav for utbetring av krysset Fjellstad/E134. I tillegg ønskjer han at det blir utarbeida ein rapport for det interne vegnettet, for å greie ut vegen er god nok for auka trafikkmengd.

Vassforsyninga blir skildra som utilstrekkeleg, særleg rundt høgtidene. Avløpssituasjonen blir også skildra som utfordrande, og Jacobsen ber Vinje kommune om å ta ansvar for avløp i området.

Løypenettet har blitt oppstykka under vidare utbygging i området. Ein rapportere om mange stikkstiar til hyttene som kryssar bilveg. Jacobsen meiner ein bør stille krav om at nye vegar ikkje kryssar løypenettet.

Merknadar frå planleggjar:

Eksisterande avkøyring frå E134 er godkjend av Statens vegvesen og det er ingen indikasjonar på at denne skal vere farleg. Interne trafikktilhøve er vurdert i planomtala, og konkluderer med at vegen er dimensjonert til formålet.

Vassforsyninga har Tyrvelid Vassverk forbetra nyleg og det skal bli enda meir stabilt når nytt høgdebasseng er klart på Botn. Eigarskapet til avløpsanlegget ligg i for eksisterande anlegg hos hyttevelforeining.

Løypenettet vil ikkje bli vidare oppstykka av den nye utbygginga.

Bjørg og Arne Prestegård, 11.05.2021

Prestegård meiner at trafikken til det nye hyttefeltet ikkje bør gå gjennom eksisterande hyttefelt. Dei er redde for at auka trafikk vil medføre risiko for personskadar, i tillegg til ei auke i støv og støy. Dei poengterer at vegen frå før har dårleg standard, og at dette vil bli verre ved auke i trafikken.
Hytteeigarane meiner også at ein bør utarbeide ein plan for vatn og avløp, då kapasiteten allereie er dårleg.

Merknadar frå planleggjar:

Trafikktilhøva er utgreidd i planomtalen. Breidde, kurvatur og stigning på eksisterande vegnett er tilstrekkeleg for dagens og framtidas trafikkmengd. Det er rett at trafikken aukar, likevel meiner planleggjar at ein kan handtere risikoen for trafikkuhell. Trafikkmengda vil framleis vere liten. Støy og støvdanning vurderer ein til å vere lite problematisk. VA plan er utarbeidd og ligg ved planframlegget. Kapasiteten på vassforsyninga er blitt auka av Tyrveli Vassverk i 2021, og den vil auke ytterlegare i 2022. Avløpsnettet har i utgangspunktet god kapasitet, tidvise problem med innlekking av overflatevatn må løysast.

Ellen Paasche Birkeland og Andreas Juhlin (99/857), 11.05.2021

Det blir foreslått ny avkøyring via E134 eller via Arbuvollen i staden for å bruke vegnettet til Arbuneset og Storrlineset. Dersom eksisterande vegnett skal brukast, må ein stille krav om vedlikehald, utbetring og asfaltering. I tillegg bør trafikken bli fordelt melulom Storrliåsen og Storrlidalen.

Ein ber om at kapasitetsproblema for vatn og avløp ikkje blir forverra ved vidare utbygging. Det blir også ytra ønskje om at utelys blir avgrensa gjennom reguleringsføresegnene, av omsyn til dyreliv og andre hytteeigarar.

Merknadar frå planleggjar:

Statens vegvesen krev at ein skal nytte eksisterande avkøyring frå E134. Trafikkvurdering rår ifrå asfaltering av vegnettet, då dette kan redusere trafikktryggleiken. Planframlegget krev utbetring av ein parsell av eksisterande veg til pumpestasjon. Resten av vegnettet har tilstrekkeleg standard til å tole dagens og framtidas trafikkmengd. Reguleringsplanen kan ikkje setje krav til privatrettslege tilhøve, vedlikehald må aukast gjennom auka innsats frå veglaget sin side. Veglaget vil bli styrka gjennom fleire hytter, slik at økonomisk fundament for auka standard vil bli større. Av omsyn til eksisterande skiløype inntil Storrlidalen og myrane vest for Storrlitjønn vil all trafikk leiast via Storrliåsen.

Kapasiteten på vassforsyninga er blitt auka av Tyrveli Vassverk i 2021, og den vil auke ytterlegare i 2022. Avløpsnettet har i utgangspunktet god kapasitet, tidvise problem med innlekking av overflatevatn må løysast. Bruk av uteljos har ein avgrensa i føresegner. Dette må bli fylgt opp i byggjesaker.

John Olaf Næsheim og Ingrid Solem (99/838), 10.05.2021

Hytteeigarane meiner at eksisterande veg ikkje bør bli brukt som tilkomstveg til det nye hyttefeltet. Dette fordi ein meiner at ei auka i trafikkmengda vil føre til ei tilsvarande auke i risikoen for personskadar. Vegen i området blir delvis brukt som leikeområde for born. Den blir også nytta som turveg og tilkomstveg til skiløyper. Vegen er av dårleg standard, og ein fryktar at tilstanden vil bli ytterleg forverra. Hytteeigarane

meiner også at ei auke i trafikken vil føre til meir vegstøv og støy. Difor ynskjer dei at det blir oppretta ein eigen tilkomst til det nye hyttefeltet. Dersom dette ikkje er mogleg ønskjer ein at trafikken blir fordelt mellom Storrlidalen og Storrliåsen, i tillegg til at utbyggjar blir pålagd å asfaltere eksisterande veg.

Næsheim og Solheim nemner eksisterande kapasitetsproblem med vassforsyninga i området, og ein bør sikre at dette ikkje blir verre ved ei utbygging. I tillegg ønskjer ein at det lysforureining kjem inn i planarbeidet og at temaet blir omhandla i føresegnene, an omsyn til dyreliv og andre hytteeigarar i området.

Merknadar frå planleggjar:

Vegnettet har tilstrekkeleg standard til å tole dagens og framtidas trafikkmengd. Reguleringsplanen kan ikkje setje krav til privatrettslege tilhøve, vedlikehald må aukast gjennom auka innsats frå veglaget sin side. Veglaget vil bli styrka gjennom fleire hytter, slik at økonomisk fundament for auka standard vil bli større. Av omsyn til eksisterande skiløype inntil Storrlidalen og myrane vest for Storrlitjønn vil all trafikk leiast via Storrliåsen.

Kapasiteten på vassforsyninga er blitt auka av Tyrveli Vassverk i 2021, og den vil auke ytterlegare i 2022. Bruk av uteljos har ein avgrensa i føresegner. Dette må bli fylgt opp i byggjesaker.

Maria Befring Hovda og Petter Mathisen (99/792), 14.05.2021

Hytteeigarane har innspel om at det er kapasitetsproblem på vassnettet, og at ein må sikre at dette ikkje blir forverra ved ei utbygging. I tillegg ønskjer ein å sikre at utbygginga ikkje fører til problem med overvatn.

Hytteeigarane nemner at det har blitt ei utfordring med mange vegkryssingar over eksisterande skiløyper/lysløyper. Dette bør ein omhandle i reguleringsplanen. Dersom ein må krysse lysløypene med bilveg, ber ein om at lysløypa blir lagd i bru over vegen.

Hytteeigarane er redde for at ei auke i trafikkmengda gjennom eksisterande hyttefelt fører til ei auke i risikoen for personskade, mykje på grunn av at vegen og områda rundt vegen blir brukt som leikeareal for barn. Vegen blir også nytta av gåande som skal til og frå skiløyper. Store delar av året er vegen i dårleg stad, og ein er redd for at dette blir verre ved ei auke i trafikken. Difor ber ein om at vegen blir utbetra før, under og etter byggeperioden for det nye hyttefeltet. I samband med trafikk-auke er ein også redd for ei auke i vegstøv og støy. Dei meiner at vegen bør asfalterast.

Hytteeigarane ber om at reguleringsføresegnene set krav og avgrensingar for bruk av uteljos.

Merknadar frå planleggjar:

Kapasiteten på vassforsyninga er blitt auka av Tyrveli Vassverk i 2021, og den vil auke ytterlegare i 2022. Overvatn er vurdert som eige tema. Ny utbygging vil ikkje leie vatn inn på eksisterande teigar, Storrlibekken er det krav om å krysse med bru eller kulvert, slik at bekken ikkje kjem til å bli stuva opp under ekstremsituasjonar.

Konseptet for utbygging kjem ikkje til å krevje kryssing av eksisterande ljosløype.

Trafikkvurdering rår ifrå asfaltering av vegnettet, då dette kan redusere trafikktryggleiken. Planframlegget krev utbetring av ein parsell av eksisterande veg til pumpestasjon. Resten av vegnettet har tilstrekkeleg standard til å tole dagens og framtidas trafikkmengd. Reguleringsplanen kan ikkje setje krav til privatrettslege tilhøve, vedlikehald må aukast gjennom auka innsats frå veglaget sin side. Veglaget vil bli styrka gjennom fleire hytter, slik at økonomisk fundament for auka standard vil bli større. Av omsyn til eksisterande skiløype inntil Storrlidalen og myrane vest for Storrlitjønn vil all trafikk leiast via Storrliåsen.

Bruk av uteljos har ein avgrensa i føresegner. Dette må bli fylgt opp i byggjesaker.

Torbjørn Fjelde (99/778), 11.05.2021

Fjelde ønskjer at ASP Turformål mellom 99/778 og 99/779 og ned til pumpestasjon blir fjerna. Han nemner at det er stor semje i området om at det ikkje er naturleg å bruke denne traséen som sti. Folk bruker friområdet mellom 99/778 og 99/786. Det er foreslått ein alternativ trasé.

Merknadar frå planleggjar:

Føremålet mellom 99/779 og 99/778 i gjeldande reguleringsplanen syner høve til VA-trasé med etterbruk tursti. Dette er ikkje vidareført i framlegg til ny plan, då VA-traséen er lagt annleis enn regulert. Ny tursti er lagt som skissert av Fjelde, med krav om opparbeiding i samband med ny utbygging. Arealet mellom 99/779 og 99/778 er no regulert til byggjeføremål, dermed kan hytteeigarane inntil inngå privatrettsleg avtale med grunneigar om kjøp av tilleggsareal og saman be om grensejustering hos Vinje kommune. I tillegg har ein auka byggjeføremålet til 99/778 i nord, slik at det er heimel for tilsvarande kjøp av tilleggsareal der. Denne justeringa er i tråd med faktisk utførte terrenginngrep.

Rolf Kristian Nystein (99/779), 05.05.2021 og 10.05.2021

Nystein hevdar at det ligg føre ein munnleg avtale med grunneigar om at området mellom Storrliåsen 34 og Arbuvatn ikkje ville bli bygd ut. Han nemner at eigarar ved Storrliåsen 32, 34, 36 og 38 har same avtale med grunneigar.

Hytteeigar meiner at dagens avkøyring frå E134 inn i området er uoversiktleg og at den bør bli endra. Det blir foreslått ny avkøyring nærmare Arbutvatn. Han krev at steinknuseverket må ha tydelege driftsvilkår og ikkje vere i drift i helger, feriar og høgtider. Ved førre utbygging vart eit slik knuseverk oppfatta som veldig sjenerande.

Han kommenterer at kvaliteten på internveger er dårleg og fryktar høge kostnadar knytt til vedlikehald dersom trafikkbyrden aukar. Ein bør ta omsyn til eksisterande hytteeigarar omkring temaet støy. Ein må også sikre tilstrekkeleg vasstilførsel og avløpskapasitet.

Hytteeigar kjem med framlegg om å legge lysløypa frå Storrlitunet over til vegen til pumpehuset ved båtutsettet og vidare langs vatnet bort til der løypa i dag kjem ut på vatnet i austre enden av Arbuvatn. Då får nytt hyttefelt enkel tilgang til løypa og ein slepp mange kryssingar.

Merknadar frå planleggjar:

Grunneigar meiner at det ikkje føreligg munnleg avtale som hytteeigar skriv. Grunneigar har tidlegare opplyst om at det ikkje blir bygd lenger inn mot Arbuvatn pga. restriksjonar i tidlegare KDP. Etter at gjeldande plan blei vedteke av Vinje kommune, blei restriksjonane oppheva. Grunneigar har ikkje inngått avtale om bandlegging av areal med eksisterande hytteeigarar.

Eksisterande avkøyring er godkjend av Statens vegvesen og vegvesenet har ikkje sett fram krav om utbetring. Det er ikkje registrert ulykke i tilknyting til avkøyringa. Steinknusing skal ikkje skje i helger og ferie, det er i tillegg gjeve snevre rammer for drift. Eksisterande kolle haldast vegetert og blir ikkje endra, denne skal skjerme delar av det mellombelse masseuttaket. Det er i tillegg krav om ein skjerm av vegetert lausmasse, som vil ytterlegare skjerme mot sjenanse (innsyn, støv, støy).

Kvaliteten på internvegar kan berre bli heva ved å bruke meir ressursar på vedlikehald. Nye hytter vil måtte betale for bruken av vegnettet, ein vil dermed få auka økonomisk grunnlag for betre vegvedlikehald. Støy frå mellombels massetak er utgreidd i planprosessen og vil ikkje medføre støybelastning over grenseverdiar i rettleiar. Intern trafikkstøy er omtalt i planomtalen. Vasstilførsel er blitt betra av Tyrveli vassverk, og vil bli ytterlegare styrka når nytt høgdebasseng på Botn blir teke i drift.

Eksisterande ljosløype blir ikkje lagt om og nettet ikkje utvida. Løypekøyring har økonomiske utfordringar og ein kan ikkje leggje opp til auka kostnader. Problem med overvatn i nordenden av Storrlitjønn er det separat fokus på ved grunneigar og fleire hytteeigarar. Det blir ikkje fleire kryssingar av ljosløypa i framlegg til plan.

Sigrun Kildal Kåsa og Elin Kildal Kåsa (99/39), 09.05.2021

Ein er redd for at nærturområdet blir borte ved utbygging av det nye hyttefeltet, på grunn av størrelse på utbyggingsområdet og talet på nye hytter. Ein fryktar også at utbygginga fører til at skiløypene mellom Storrlitjønn og Arbuvatn forsvinn, i tillegg til at moglegheita for rekreasjon og turar i nærområde blir mindre. Det blir forventa at ny tursti blir plassert utanom hyttefeltet.

Merknadar frå planleggjar:

Konseptet for utbygging konsentrerer seg på åsen mellom Storrlitjønn og Arbuvatn, i tillegg til lia sør for eksisterande hytter på toppen av Storrliåsen. Konseptet opprettar korridor for ny turveg (barmark), som skal gjere det mogleg å oppleve vassdraget heile vegen frå Arbuviki og vestover til naboteigen. Det meste av denne turvegen går i naturterreng, nokre avsnitt nyttar planlagde nye internvegar med lite trafikk. Det er i tillegg planlagt et nærrekreasjonsområde på ein liten rygg inntil vassdraget, med krav om opparbeiding i samband med ny utbygging. Det er i tillegg planlagt tilkomstar frå eksisterande hyttefelt til det nye turdraget. Det er ingen trakka skiløyper mellom Storrlitjønn og Arbuvatn i dag, og planframlegget legg ikkje opp til dette heller.

Tore Kildal (99/10/1), 14.05.2021

Kildal meiner at planlagt tettleik ved utbygging er for høg og vil øydeleggje rekreasjonsverdien av området og verdien for fiske i Storrlitjønna for andre enn hytteeigarane. Ein meiner at området på Vågslid har mista heile verdien sin som friluftsområde. Fleire stader blir skiløypenettet allereie kryssa av bilvegar og dette blir sett på som uheldig. Difor meiner ein at utnyttingsgraden bør bli redusert.

Ein meiner også at steinknuseverk ikkje bør bli plassert i området, men at knusinga skjer på eit område som er lagt til rette for dette. Dersom knuseverket skulle blitt lagt i planområdet, burde det på førehand ha vore lagt inn i kommunedelplanen.

Til slutt nemner ein at det er politisk vilje til heller å satse på kvalitet enn kvantitet når det gjeld hytteutbygging i Vinje kommune».

Merknadar frå planleggjar:

Tettleiken for ny utbygging er like høg i framlegget til ny plan som den er i det eksisterande utbyggingsområdet. Ein vel no å konsentrere ca. 60% av utbygginga på eitt område. På denne måten held ein nokså store, samanhengjande område frie for inngrep. Ein del av ny utbygging kjem i tillegg i samband med eksisterande inngrep. Det blir ikkje ny kryssing av skiløypa. Tap av grøntområde blir kompensert med at ein etablerer eit turdrag, som gjev auka tilgjenge til attraktive rekreasjonsområde i barmarkssesongen.

Steinuttaket er planlagt som eit mellombels tiltak. Det er stilt strenge krav til varigheit av sprenging og knusing (maks. 6 veker), denne aktiviteten skal berre skje innanfor tidsrom, som det vanlegvis er lite besøk på hyttene i. Ein skal heller ikkje drive med fleire støykjelder samstundes. Området er plassert bak ein liten topp, som held seg grøn og skjermar delar av uttaksområdet. Det er elles krav om å etablere ein skjermingsvoll, som vegetasjon vil etablere seg på. Knuste massar kan liggje i dette området i inntil 10 år, til bruk for tiltak i utbyggingsområdet.

Bryting av stein og handsaming av denne er det høve til å drive i byggjeområde. Ein må søkje om konsesjon for tiltaket, og konsesjonshandsaminga vil setje vilkår for drifta. Vilkåra må innarbeide føresegnene til reguleringsplanen. Drift av dette uttaket vil i tillegg vere underlagt forureiningslova, som vil gjeve pålegg om overvaking av miljøparametre (m.a. støy). Når uttaket er tømt, vil heile området bli til hyttetomter. Den same metodikken har utbyggjar brukt i det tidlegare utbyggingssteget, tomtene i Storrliåsen 4, 6, 8, 10, 20, 22, 24 og 26 ligg att etter tidlegare uttak. I planframlegget er det 12 tomter, som helt eller delvis vil bli etablert i det avslutta uttaksområdet.

Intensjonen med det interne massetaket er å spare det interne vegnettet og hyttebusetnaden inntil for støy og trafikkfare. Steinen det er høve til å ta ut i det mellombelse anleggsområdet vil generere inntil 7000 lastebilturar, dersom ein må frakte steinen inn frå eit ekstern uttak. Med lager av oppknuste steinmassar internt i området vil talet på lastebilturar gjennom busetnad i anleggsfasen bli drastisk redusert. Det meste av steinmassane vil bli brukt til opparbeiding av eit første utbyggingssteg med veg- og VA-infrastruktur. Ein del vil liggje att for påfølgjande byggjesteg og for bruk i byggjegroper for nye hytter.

Reguleringsplanen held seg innafor rammene til vedteke kommunedelplan for Vågsli.

Torill Nag og Kjetil Flesjå (99/791), 14.05.2021

Nag og Flesjå viser til at trafikken til nytt hyttefelt ikkje bør bli kanalisert gjennom eksisterande hyttefelt, på grunn av trafikksikkerheit, støy, støv og dårleg vegstandard. Asfaltering av tilkomsten bør bli vurdert.

Kapasiteten i vassforsyning må vere tilstrekkeleg ved utbygging, og det bør vere avgrensingar på uteljos for å hindre lysforureining.

Merknadar frå planleggjar:

Planomtalen konkluderer med at utbygging ikkje vil medføre uakseptabel risiko for trafikktryggleik, støy eller støv. Ein har difor vald å bruke eksisterande internvegar som tilkomst til dei nye delfelta. Vegane blei dimensjonert for ny trafikkmengd. Asfaltering er vurdert, men vil medføre ulemper for tryggleik og framkome som gjer at ein ikkje rår til dette.

Kapasiteten for vassforsyning er allereie styrka og vil bli ytterlegare styrka når nytt høgdebasseng på Botn kjem i bruk. Føresegner for planen avgrensar talet på ljospunkt i uteområda.

2.4 Informasjonsmøte på teams

På vegne av tiltakshavar Torolv Vågslid inviterte Sweco til eit digitalt informasjonsmøte på Teams torsdag 29. april 2021, for å informere om planprosessen. Bakgrunnen for møte er at tiltakshavar Inger Birgitte Vågslid på vegne av Torolv Vågslid ynskjer ein detaljregulering for Storrlineset del 2, 99/3.

Deltakarar i møtet var stort sett eksisterande hytteeigarar i nærleiken av planområdet, som kunne fortelje at dei i snitt bruker hytta si 60-100 dagar i året.

Bodskapen i informasjonsmøtet var:

- Det er byrja ein planprosess for å legge til rette 60-80 nye hyttetomter på Storrlineset. Konsept og utforming er byrja på, og nye hytter blir hovudsakleg lagt mellom Storrlitjønn og vassdraget, og nokre i lia nedanfor eksisterande felt mot pumpestasjonen. Der det er høveleg kan det vere aktuelt å fylle enkelte tomter inn i eksisterande struktur.
- I samband med varsel om oppstart kan alle kome med tilbakemeldingar og innspel, der frist for innspel er 14. mai 2021. Når planforslaget er klart vil det kome ut på høyring, der det er eit nytt høve til å gje innspel.
- Hovudtema i planprosessen er mellom ana tomteutvikling, infrastruktur, mellombels masseuttak og steinknusing, trafikktryggleik, landskap og friluftsliv.
- Planen legg opp til hytter med høg sanitær standard som krev omfattande infrastruktur. Det skal og leggast til rette for ein tursti i nærområdet i samband med planarbeidet.
- Det minnast om at privatrettslege forhold ikkje blir tatt opp i plan etter PBL, men planen kan legge til rette for at privatrettslege avtalar kan inngåast, til dømes tilleggskjøp av tomteareal, parkeringsplassar ol.

Under informasjonsmøte kom det desse spørsmåla og kommentarane frå planleggjar den gongen:

Spørsmål	Kommentar
Eit mellombels masseuttak kan føre til mykje støy og sjenanse for hytteeigarar i området. Korleis skal dette gå føre seg?	Sprenging og steinknusing vil pågå i ein avgrensa periode. I planfasen vil både lokasjon og støykonsekvensane av eit slik mellombels uttak bli utgreidd. Det skal mellom ana lagast eit støysonekart som viser den potensielle støybelastninga. I samband med ein konsesjonssøknad/søknad om tiltak kan det leggast fast tidspunkt for drifta, t.d. utanom helger og hovudferie.
Kva tettleik vil hyttene i det framtidige hyttefeltet ha?	Føresegna i gjeldande kommunedelplan i området legg til rette for dimensjonane av busetnad og utnyttingsgraden til tomtene. Det er derfor tomtestorleiken som er avgjerande for tettleiken av busetnad. Tomtekonseptet finst ikkje på noverande tidspunkt.
Kvar skal eit evt. mellombels masseuttak og knuseverk lokaliserast?	Det er per dags dato uavklart. Knuseverk og masseuttaket skal samlokaliserast så nær mogleg der massane skal brukast seinare for å unngå mykje massetransport og belastning av eksisterande vegnett. Det er med fordel at dette ligg så langt som mogleg unna eksisterande busetnad.
Når kan ein forvente at planprosessen er avslutta?	Det blir sikta til ei sluttgodkjenning av planen i mars/april 2022. Men mogleg utfordring med vassforsyning i området kan forsinke planprosessen noko.

2.5 Særskild dialog med naboar nærast framtidig utbygging

Planleggjar valde å involvere to eksisterande hytteeigarar særskild i planprosessen. Gnr/bnr 99/778+779 fekk 28. september 2021 oversendt eit utdrag av det dåverande plankartet, som synte tenkt tomteplassering samt planeringshøgder m.fl. Planleggjar ynskte tilbakemeldingar frå desse to hytteeigarane på om deira interesse blei ivareteke.

Planleggjar fekk ein mail frå eigar av 99/779 den 11. oktober 2021, som gjekk i kopi til 8 fleire hytteeigarar i nabolaget. Mailen var signert desse hytteeigarane også. Hytteeigaren svarte ikkje direkte på spørsmåla stilt i mailen, men gjentok tidlegare påstand om at det føreligg ein munnleg avtale mellom grunneigar og hytteeigar om at det ikkje skal byggjast ut mellom eksisterande bygningar og vassdraget.

I dialog mellom planleggjar og grunneigar blei det repetert av grunneigar at dei ikkje har gjeve eit slikt løfte. Det blei av grunneigar den gongen påpeika overfor hyttekjøparar at det ikkje var aktuelt å byggje nærare vassdraget enn den dåverande grensa på 100 m. Gjennom endring av byggjegrensa og utviding av utbyggingsteigen i noverande KDP blei føresetnadene endra. Det er ikkje inngått nokon privatrettsleg avtale om å bandleggje arealet mot vassdraget.

Med bakgrunn i denne dialogen mot hytteigarar og grunneigar valde planleggjar og vidareføre planarbeidet. Argumentet frå hytteigar er ikkje dokumentert, og det blei ikkje fremma alternative synspunkt til framlegget om utbygging frå hytteigar sin side.

2.6 Særskilde ønskjer frå eksisterande hytteeigarar

Grunneigarar på 99/791 og 99/794 har bedt om å få kjøpt tilleggsareal i direkte dialog med tiltakshavar. Dette er blitt formidla planleggjar, som vurderte utvidinga. Nye grenser blei kommunisert mellom tiltakshavar og dei råka grunneigarane. Nye grenser for tomter ser ein i plankartet, eksisterande grenser ser ein med streksymbol «*eigedomsgrense, som skal opphevast*».

2.7 Dialog med planadministrasjonen i Vinje kommune

Tiltakshavar valde å leggje fram eit utkast til plan (plankart, føresegner, VA-plan) for planadministrasjonen i eit møte 26. november 2021. Kommunen kom med utfyllande attendemelding i etterkant av møtet. Planen blei korrigert, for det meste i samsvar med attendemeldinga. Ein gjennomførde også fleire utgreiingar, blant anna NiN-kartlegging av området.

Planmaterialet blei formelt oversendt Vinje kommune for sakshandsaming den 17. oktober 2022. Ein fekk attendemelding på at administrasjonen ikkje vil take opp planframlegg til politisk handsaming, då planen er i strid med overordna plan på fleire punkt:

- Det skal ikkje leggast til rette for etablering av tomter innanfor sikringssone lukt.
- Areal som ligg innanfor 20 meters grense til Storrlitjønna og 50 meters grense til Arbuvatn skal ikkje ha føremål BFF. Det må ikkje etablerast tomter innanfor desse grensene, sjølv om det er markert byggegrense på tomta. Privatisering og tiltak vil framleis vere mogleg utanom byggjegrensa på tomtene slik framlegget ligg føre.
- Eg kan ikkje sjå at det er levert inn avtale med Tyrvelid VV, i tråd med referat frå oppstartsmøtet.
- Det er ikkje lagt inn rekkjefylgjekrav om etablering av sti/gangveg kring Storrlitjønna, slik det er stilt krav om i KDP pkt 2.2.8.

Planleggjar svarte ut attendemeldinga med eige brev dagssett 18. november 2022. Planadministrasjonen tok opp spørsmål kring tursti kring Storrlitjønn som spørsmål til planutvalet 30. november 2022, og bekrefta krava i kulepunkta 1 og 4. Administrasjonen kan akseptere alternativ tursti langs vassdraget, som ikkje nyttar køyrevegar.

Revidert versjon av planframlegget inneheld no sjølvstendig tursti langs vassdraget, Arbuvatn.

I planprosessen vart det vurdert å inkludera ein skiløypetrasé vest for Storrlitjønni. Etter dialog med Vågslid løypelag valde ein å ikkje inkludera traseen inn i plankartet. Det blir grunngitt med at regulering av ei skiløype vil medføra ei auka forventing om preparering. Løypelaget klarer normalt ikkje å innfri dette på grunn av at køyring av tilkommande løyper frå enkelte hyttefelt ikkje vil bli prioritert på grunn av avgrensa midlar.

Etter ny innsending fekk ein ei ny attendemelding frå planadministrasjonen, 12.april og 14.juni 2024. Dette omhandla følgjande punkt:

- Organisering av drift og vedlikehald: Drift og vedlikehald av tekniske installasjonar som avløpspumpestasjonar og leidningsnett er ikkje ivareteke på ein tilfredsstillande måte.
- Kapasitetsutrekning og overvasshandtering av nye og eksisterande avløpsstasjonar: Vinje kommune krev dokumentasjon på følgjande:
    - Kapasitet på alle stasjonar i høve tilknytta hytter teikningar av stasjonar i plan og snitt med tilhøyrande ledningsnett og høgder samt overløpsanordning og utsleppspunkt. Syner elles til minimumsanbefalingar på 0,9 m overhøgde mellom bunn sluk i hytter og tilkobla felles ledning.
- Overløpsdrift - det er krav om overvaking av alle avløpsstasjonar og registrering av overløp med automatisk varsling til kommunen for desse.
- Tilkopling av private hytter: Det ligger tre hytter på eigedom 99/10 som ynskjer tilkobling til vatn og avløp. Kommune gjev ikkje tillatelse til direkte tilkobling til hovedledning avløp men anbefalar tilkobling til sjølvfallsledning ved eigedom 99/777.
- Revisjon av konsekvensutgreiing for naturmangfald.

Revisjon av konsekvensutgreiing, føresegner og VA-plan inneheld no desse endringane (revisjon datert mars og april 2025).

2.8 1.gongs sakshandsaming

Reguleringsplanen vart 1.gongs handsama i PMU 29.10.2025 (sak 113/25), etter utsetjing frå PMU 21.05.2025 (sak 66/25). Planen er justert i samsvar med Plan- og miljøutvalets vedtak:

Plankart

- Fire tomter er tekne ut av planen (T1, T2, T18 og T60)
- 16 tomter har fått justert tomtegrense og byggjegrense (T7-T13, T19, T21, T22, T26, T29, T30, T34, T63 og T64).
- Noko justering av føremålsgrense for veg i eksisterande hyttefelt.
- Parkeringsplass/snuplass ved tomt T63 er fjerna.
- Tomt 99/854 har fått endra føremål til utleige (UTL).
- Skiløype BST4 (no SKI4) er tatt inn att
- Tomt 99/831 er justert

Føresegner

Terrenginngrep:

Maksimums høgdekrav på fylling og skjeringar blir redusert frå maks 2 meter til 1,5 meter, med krav til at terrenget skal terrasserast dersom fyllingar/skjeringar blir høgare. (2.3, 3.1.1. a))

Masseballanse:

Krav om bruk av stadeigne masser i heile planområdet (2.4)

Utforming

Krav om fargebruk er spissa til at jordfargar skal vere *avdempa*. (3.1.1.b))

Det blir opna for at tak kan tekkast med trebod med ikkje-reflekterande overflate, som eit alternativ til planter. Tak skal ha takutstikk på minst 40 cm. (3.1.1e)). Det blir ikkje opna for oppstoge BFF2

Byggehøgder skal reiknast frå gjennomsnittleg opphavleg terreng og ikkje topp innvendig gulv (3.1.2 a)

Utnyttingsgraden for nytt felt blir justert slik at den samsvarer med det eksisterande hyttefeltet. Dette gjeld både BYA (3.1.2b) og mønehøgde (3.1.2 c) (tidlegare d))

Ljossetting

Krav om ljossetting på BFF har fått justert ordlyd og er blitt felles for heile planområdet (3.1.1).

Parkering: Krav om at minst ein parkeringsplass skal ha høve til lading av elbil blir felles for heile planområdet, og ikkje berre for BFF (flyttast til 3.1.1. d)).

Nytt arealføremål UTL

Krav om at fritidsbustader skal vere disponible for minst 9 månaders utleige i året.

Miljø/myr/lukt

Krav om at bekkeløp ikkje blir enda av ein kryssande køyreveg i SKV11 (3.2.1).

Det blir ikkje opna for nye fritidsbustader innanfor sikringssone for lukt (4.1.3)

Føresegner som gjeng ut:

2.4, bokstav g om klimagassregkneskap knytt til myr.

Krav knytt til tomt 19, som er tatt ut av plankartet.

Andre mindre endringar i føresegn 2.1, krav om snøopplag i utomhusplan (2.5. a))

Planomtale:

- Aktuelle skisser/figurar er oppdatert etter revisjon av plankart
- Kap. 7 er retta opp i samband med revisjon av ROS-analyse

ROS-analyse

- Eventuell luktproblematikk i samband med avløpsanlegg er tatt inn som ei potensiell uønskt hending

3 Planstatus og rammer

Reguleringsprosessen må vere i samsvar med lovverk og overordna planar og føringar, både på statleg, regionalt og kommunalt nivå.

3.1 Statlege rammer

I alt planarbeid skal statlege rundskriv, retningslinjer og lovverk følgjast.

3.1.1 Rundskriv/retningslinjer

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (20.09.1995) FOR-1995-09-20-4146
- T-1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
- T-1520/2012 Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging
- Flom- og skredfare i arealplanar, NVE (Retningslinje 2/2011)
- Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging (DSB 2017)

3.2 Overordna planar

3.2.1 Regionalplan

Følgjande regionale planar er relevante for området:

- Regional klimaplan for Telemark 2019-2026
- Regionalplan for folkehelse i Telemark 2018-2030
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
- Regional plan for Hardangervidda 2019-2035.

Regional klimaplan for Telemark 2019-2026

Denne planen er forankra i Regional planstrategi (RPS) for Vestfold og Telemark 2016-2020 (*Bærekraftige Telemark*). Klimaplanen skal bidra til å ivareta miljø, verdiskaping, velferd og rettferdig fordeling gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane. Satsingsområde nr. 2 i planen omhandlar klimatilpassing i alle regionale og kommunale planar, med mål om å førebyggje konsekvensar av klimaendringane i Telemark.

Regionalplan for folkehelse i Telemark 2018-2030

Denne planen er også forankra i Regional planstrategi (RPS) for Vestfold og Telemark 2016-2020 (*Bærekraftige Telemark*). Folkehelseplanen for Telemark skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helse og utjamnar sosioøkonomiske helseskilnader. Planen føreslår fire satsingsområde, der eitt av dei omhandlar helsefremjande oppvekst (0-18 år). Ein av strategiane innanfor dette satsingsområdet går ut på å sikre gode fritids-, natur-, frilufts- og nærmiljøarenaer for born og unge.

Regional plan for vannforvaltning i vannregionen Vest-Viken 2016-2021

Ny vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark (2022-2027) er per dags dato til sentral godkjenning. Fram til denne blir godkjend er det *Regional plan for vannforvaltning i vannregionen Vest-Viken 2016-2021* som er førande.

Føremålet med denne planen har vore å sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og fremje ein berekraftig bruk av vassdrag, kystvatn og grunnvatn. Denne planen blir relevant, fordi planområdet grensar mot vatnet Arbuvatn.

Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Føremålet med denne planen er å sikre ein langsiktig og heilskapleg strategi for bruk av areal som er viktige leveområde for villrein eller har innverknad på villreinen sine leveområde.

Planområdet ligg ei sone som er sett av som utbyggingssone (tidlegare sone for reiseliv og sone for fritidsbustader). Vågslid, området Storrlineset del 2 ligg i, er med i denne utbyggingssona.



Figur 3-1 Gjeldande regional plan for Hardangervidda 2019-2035. Storrlineset del 2 ligg i oransje område merka med svart sirkel og svart pil (Utbyggingssone). Kjelde: Regional plan for Hardangervidda 2019-2035, viken.no

3.2.2 Kommunedelplan

Gjeldande kommunedelplan for Vågslid 2019-2031 (plan-ID: 20080014) vart vedteken 14.11.2019. Arealet som dekker planområdet er sett av til noverande fritidsbusetnad med områdenamn F11 samt LNF-område (kantsone rundt Storrlitjønni og ned mot Arbuvatn) . Sjå Figur 3.

Figur 3-2 Gjeldande kommunedelplan for Vågslid 2019-2031. Svart pil viser lokalisering av planområdet. Kjelde: www.kommunekart.com.

Kommunedelplanen inneheld ulike føresegner og retningslinjer, og følgjande er relevante for detaljregulering av Storrlineset del 2:

- Vatn- og avlaupsanlegg:
  - Det er avstandskrav knytt til bygging i nærleiken av vatn- og avløpsleidningar samt drikkevasskjelder, kloakkpumpestasjonar og reinseanlegg.
- Område for busetnad og anlegg:
  - Rekkefølgjekrav om at utbygging ikkje kan finne stad før tilkomst, parkering, straum, samt godkjend vassforsyning og avlaupsanlegg, er etablert.
  - Byggjeskikk: Hytter som ligg i eksponert landskap, skal vere bygd i naturmateriale, tre, stein, glas og torv, med mørke og avdempa fargar. Tak skal vere tekt med torv.
  - Byggjeområde for fritidsbustadar: Der tilhøva legg til rette for det, kan hovudeining vere på maksimalt 130 m^2 BYA, med maksimal mønehøgd på 6,0 meter. Tilhøyrande anneks/uthus kan vere på inntil 30 m^2 BYA, med mønehøgd på inntil 4 meter. Taka skal vere saltak, med takvinkel på minimum 22 grader. Ein kan opne for mønehøgd på 6,5 meter der bygget følgjer terrenget, det ikkje kjem i himmelsyn eller på anna måte er eksponert. I bratt terreng, på høgder eller andre eksponerte område bør BYA vere mindre.
  - Det skal opparbeidast sti langs Storrlitjørna før det vert gitt byggjeløyve for hytter ved tjørna.
  - Rekkefølgjekrav om at sti- og løypeplan skal vere vedteken før reguleringsplanar med nye byggeområde vert godkjend lagt ut til offentleg ettersyn. Vinje kommune har ein eigen kommunedelplan for stiar og løyper (2017-2027). Sjå neste punkt.

- Følgjande punkt i kommunedelplan for stiar og løyper er vedteke i kommunestyret (18.01.18):
    - «Kommunen skal vurdere innkomne og eventuelt godkjenne forslag til nye stiar, løyper og sykkeltraséar etter retningslinjene etter vedtak og prioriterte tiltak. Oppdatere plankart fortløpande».
    - Ein skal ikkje etablere nye turstiar eller skiløyper inn i villreinen sine leveområde.
    - Grunneigaravtalar: Publikum skal ha lett tilgjenge til retningslinjer for stiar og løyper og mal for grunneigaravtale
    - Ein skal i reguleringsplanar innarbeide sti- og løypeplanar for å sikre at infrastrukturen blir halden ved like.
    - Trafikksikre løysingar: Dei preparerte skiløypene skal, så langt det lar seg gjere, ha veglause kryssingar. Der nye reguleringsplanar råkar sti- og løypeinfrastruktur, skal ein ha alternative veglause løysingar eller vise omlegging.
- Område for vern og bruk av vassdrag: Kjelavassdraget går gjennom planområdet, og langs dette vassdraget gjeld ei byggjegrense på 50 meter. For andre, mindre vassdrag som går fram av plankartet, gjeld ei byggjegrense på 20 meter. *Storrlitjønn har i plankartet ei eige byggegrense på 20 m frå vasskanten, medan byggjeområdet er satt til 15 m frå vasskanten.*
- Omsynssoner: Faresone flaumfare. Innanfor omsynssone for flaum er det ikkje tillate med bygging av ny busetnad før godkjend reguleringsplan er lagt fram. Deler av Storrlineset del 2 ligg innanfor denne omsynssona.

3.3 Gjeldande reguleringsplanar

Delar av planområdet er regulert frå før under reguleringsplan for Storrlineset (planID: 20080002) vedteken 30.01.2008. Reguleringsplan for Storrlineset grensar til reguleringsplan for Arbuviki (planID: 20070008, vedteken 14.06.2007) i vest, som igjen grensar til reguleringsplan for Svarttjønnåsen, 99/1 (planID: 20040010, vedteken 09.09.2004) i nordvest. Aust for tiltaket, på andre sida av Arbuvatn, er reguleringsplan for Arbuneset (planID: 20130012, vedteken 15.09.2016). Lokalisering av dei omtalte reguleringsplanane er vist i Figur 4.

Tilkomstvegen frå E134 og inn i det nye planområdet, går via reguleringsområdet for Svarttjønnåsen og vidare inn i reguleringsområdet for Arbuviki, før den kjem inn i området for Storrlineset og Storrlineset 2.

I området Arbuviki er det også regulert inn ei tursti langs Arbuvatn, som foreløpig tar slutt der reguleringsplanen for Storrlineset startar.



Figur 3-3 Kart med oversikt over dei ulike reguleringsplanane i området (Kjelde: www.kommunekart.com).

Reguleringsplanen for Storrlineset seier at området er regulert for følgjande formål:

- Fritidsføremål (hytter)
- Turistanlegg med bueiningar for utleige (utleigehytter, leilegheitsbygg)
- Fareområde (høgspenningsanlegg)
- Spesialområde (privat veg, friluftsområde, løypetrase, frisiktsoner, kommunal-teknisk renovasjon, småbåtanlegg, bevaringsområde, anna spesialområde – turveg).

3.4 Pågåande planar

14.06.2007 vart det vedteke reguleringsplan for Arbuviki 99/8. 01.02.2021 vart det send ut varsling om oppstart av detaljregulering for same område, fordi eigar har eit ønskje om betre arealutnytting innanfor planområdet. Dette gjeld til dømes innpass av nye hyttetomter, og forbetring av infrastrukturen. Ein ser også behov for ei oppdatering i høve til ny KDP Vågsli (2018). I dette planområdet ligg det inne ein tursti langs Kjelavassdraget, som held fram inn i reguleringsplanen for Storrlineset.

3.5 Temaplanar/andre planar med relevans for planarbeidet

Med bakgrunn i Vinje kommune sin hovudplan for vatn og avløp 2014-2022, vart det vedteke å bygge nytt hovudreinseanlegg i Vågslid. I hovudplanen kjem det fram at infrastrukturen for VA i dette området er underdimensjonert, har lange opphaldstider i avløpsnettet og dårleg kapasitet på vassforsyninga (privat vassforsyning). Dette kjem av ei stor auke i talet på fritidsbustader dei siste åra, i tillegg til ei forventing om jamn vekst fram mot 2040 (*Hovudplan vant og avløp 2014-2020, Vinje kommune).* Det er no bygd nytt høgdebasseng i Tyrveli, og eitt er planlagt bygd på Botn. Desse to bassenga vil gje god nok dekning for vassbehovet på Storrlineset.

4 Eksisterande forhold i planområdet

4.1 Lokalisering og avgrensing

Planområdet ligg om lag 15 km. vest for Haukeli i Vinje kommune. Tilkomstveg til området er privat grusveg gjennom eksisterande hyttefelt, med avkøyring frå E134. Planområdet er på ca. 440 daa, og grensar hovudsakleg mot E134 i nord, hyttefelt i aust, Arbuvatn i sør og ubygd areal i vest.

Oversiktsbilete som viser områdets plassering i ein større samanheng er vist i Figur 5.

4.2 Dagens arealbruk i og rundt planområdet

Figur 4-1 Flyfoto av det aktuelle området. Kjelde: https://kommunekart.com/?urlid=b0065f3e-d286-496e-9a8d-6db5f92751d4

Innanfor plangrensa finn vi eit allereie utbygd hyttefelt, som skal utvidast i denne planen. Nord i planområdet kryssar ein traktorveg, retning aust/vest. Elles består planområdet av ubygd areal.

4.3 Stadens karakter

Dei urørte delane av området består hovudsakleg av stadtypisk vegetasjon med blandingsskog, kratt, lyng og mindre myrområde. Området ligg på mellom 800 og 820 m.o.h., altså rett under tregrensa i denne delen av Telemark. Truleg er jorda noko skrinn, og enkelte stader kan ein sjå fjell i dagen. Situasjonen er ganske lik i områda rundt, med unntak av den allereie utbygde delen av Storrlineset. Delar av planområdet grensar til vatnet Arbuvatn.

4.4 Eigedomsforhold

Planområdet omfattar delar av gnr./bnr. 99/3 samt tidlegare frådelt hyttetomter. Eigar er Inger Birgitte Vågslid.

4.5 Landskap

4.5.1 Topografi og landskap

Planområdet ligg i ei nokså slak skrånande li som leiar ned mot Arbuvatn. Som ein ser av kartfigur under, er området småkupert. Området ligg i ei sørvesthelling med gode sol- og utsiktstilhøve.

Figur 4-2 Topografisk kart over planområdet. Kjelde: www.norgeskart.no

Området for den planlagde utbygginga ligg inne på to landskapsrom.

- Den nordlege delen av utbyggingsområdet ligg i eit svakt definert rom kring Storrlitjønn. Det er flytande grenser mot dei fleste tilstøytande landskapsrom. Golvet i dette rommet er godt definert i vass-spegelen på tjønna. Lia mot E134 er ein sterk vegg i landskapet, som heng saman med overordna romdannande element (Arbunosi som landemerke).
- Den sørlege og austlege delen av utbyggingsområdet ligg i landskapsrommet kring Arbuvatn. Også her er det eit godt definert golv, med stort sett svake veggar i rommet. Delvis er det små lokale romdanningar. Ryggen i aust-vest retning er delvis tydeleg som vegg, særleg den allereie utbygde delen av den. Denne ryggen er brote der Storrlibekken kjem ut.

4.6 Kulturminne og kulturmiljø

I følgje offentleg tilgjengeleg informasjon (Kulturminnesøk.no) er det ikkje registrerte eller kjende kulturminne innanfor plangrensa. Det same gjeld arkeologiske registreringar (digitaltmuseum.no). Vestfold og Telemark fylkeskommune har ikkje stilt krav til arkeologisk undersøking, då kunnskapsnivået er godt i området og ein ikkje ventar fleire funn.

4.7 Naturmiljø

Gardane i Vågslid blei brukt som støylar på slutten av 1700-talet med få fastbuande, men utvikla seg og fekk nokre fastbuande til utover 1800-talet. I 1868 blei Nordistog kjøpt av tiltakshavar sin tippoldefar. Det var hestetransportveg i området, og i 1870 blei det bygd veg gjennom Vågslid. Utpå 1900-talet byrja geitene å

komme frå Vestlandet. Beiteområdet var da særleg ved Kjela- og Ståvatn (sjå figur 7), dette området er blitt demma opp, og store delar ligg under vatn. Seinare kom geitene nedover, og beita i heia. Hytteområdet har i følgje tiltakshavar ikkje vore beitemark, og aldri blitt rydda. Det var ikkje naturleg å ha beitedyr så langt nede som der hyttefelta ligg.

Arbuvatn er næraste nabo til planområdet. I følgje Vann-nett er den økologiske stoda god, medan den kjemiske ikkje er definert. Eksisterande hyttefelt i området er sett til å ha middels påverknad i form av avløpsvatn.



Figur 4-3 Her er Kjela- og Ståvatn markert med blåstrek, planområdet markert i rødt. https://kommunekart.com/?urlid=85ce86e3-c8b5-4895-a28d-debb28251c5a

Det har blitt gjennomført ei eiga kartlegging av artsmangfald i området, utført av FAUN AS sommaren 2022. Her har ein funne granmeis og grønfink i området, og lav-arten blanknål. FAUN har definert delar av planområdet som naturtype boreal hei, med moderat tilstand og stort naturmangfald. FAUN presiserer at naturtypen er i ferd med å forsvinne som følgje av manglande beitedrift, slik at tilstanden er i ferd med å bli dårleg.
Rambøll Norge AS kartlagde området Storrlidalen og deler av Storrlineset aust (16.august 2022), og fann boreal hei av moderat kvalitet. Deler av dette arealet fell utanfor plangrensa for denne reguleringsplanen.

I 2023 vart området på nytt synfare av FAUN 31.august, ved Espen Åsan. I kartlegginga er Naturbase (Miljødirektoratet 2023a) og Artskart (Artsdatabanken 2023a) nytta for å undersøkja kjende naturverdiar i kartleggingsområdet. Vidare er området synfare i felt for å registrera naturtypar etter Miljødirektoratets instruks (Miljødirektoratet 2023b), og dessutan raudlisteartar og framande artar etter Norsk raudliste for artar 2021 (Artsdatabanken 2021) og Fremmedartslista 2023 (Artsdatabanken 2023b). Under synfaring blei knappenålslaven blanknål (Calicium denigratum) registrert. Dette er ein art som er oppført på raudlista som nær trua (NT).

Sjå vedlagt rapport om naturkartlegging og konsekvensutredning for meir informasjon.



Figur 4-5 Lokalisering av naturtype boreal hei (frå feltsynfaring) og raudlista artar innanfor planområdet. Kjelde: Faun naturforvaltning AS.

Figur 4-4: Verdikart for NiN-kartlegging. Kjelde: Naturbasekart frå Miljødirektoratet (09.10.2024)

4.7.1 Villrein

Planområdet ligger mellom leveområda til villreinen på Hardangervidda og i Setesdalsheiene. Leveområda råkar ikkje sjølve planområdet. Dei regionale planane for Hardangervidda og Setesdalsheiene (m.fl.) sikrar leveområda til reinen. Samstundes syner desse regionale planane dei områda som det framleis kan opnast for utbygging. Denne reguleringsplanen ligg i ei slik utbyggingssone. KDP Vågslid følgjer opp dette.



Figur 4-6 Villreinområde. Kjelde: Naturdatabase, Miljødirektoratet

Villreinen vert ikkje berre truga av utbygging i leveområda, men også av ferdsle i leveområda. Det er per i dag eksisterande løyper, både sommar- og vinter-, som strekker seg inn i leveområda til villreinen både i nord og i sør. Løypenettet fangar erfaringsmessig opp 90% av all trafikk i utmarka, berre 10% av turgåarane vel å ikkje følgje merka løyper. Det er ingen direkte koplingar mellom planområdet og løypenettet i villreinområda, men hytteeigarane på Storrlineset kan nytte løypene på lengre turar.

4.8 Flaum

Hos NVE ligg delar av planområdet inne i aktsemdsområde for flaum. Dette kartet er tilpassa kommunal oversiktsplanlegging, og seier ingenting om sannsynet for flaum. Desse områda er basert på hydrologiske modellar. Kartet viser kva område som potensielt er utsett for flaum, og områda kan vere overestimert. Difor er det behov for utrekning av flaum og flaumstørrelse for felta ned mot planområdet. Sweco har på bakgrunn av dette gjennomført ei farevurdering av flaum for gjeldande område, som er omtala i kapittel 6.5.



Figur 4-7 Aktsemdsområde for flaum, NVE. Kjelde: www.temakart.nve.no

4.9 Friluftsliv og rekreasjon

Spesielt på vinterstid er områda rundt Storrlineset mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon. Løypenettet for langrenn blir hyppig køyrd opp. Gjennom planområdet ligg ljosløypa mellom Tyrveli og Botn. Dette er stort sett ei trenings- og transportløype. Hovudtyngda på løypene ligg på fjellet over Tyrveli og i Vågsli Villmark på sørsida av vassdraget.

Om sommaren er den same transportløypa bruka som sti, då den er godt opparbeidd. Det er ingen fleire merka løyper inne i planområdet, men hytteeigarar går nærturar i terrenget langs tråkk. På UT.no finn ein ein lokal sti melom Storrlineset og Arbuviki, langs vasskanten. Storrlitjønn er noko brukt til bading.



Figur 4-8 Oversikt over løypenettet på Vågslid skisporet.no



Figur 4-10 Turstiar frå ut.no

Figur 4-9 Vinter og sommarløyper frå kommunekart.com

Frå fiskeribiologisk rapport utarbeidd av Universitetet i Oslo og Naturhistorisk museum (2017), ser ein at aurepopulasjonen i Vågslivatn har relativt bra kondisjon og god vekst. Frå Arbuvatn renn elva Kjela inn i Vågslivatn, og fisken har her fri vandring. Både Vågslivatn og Arbuvatn er nytta til ferskvassfiske, og det er oppretta to rasteplassar langs Arbuvatn som er lagt til rette for fiske frå land. Det er i tillegg noko fiske i Storrlitjønn.

4.10 Sosial infrastruktur

Næraste nærservice (Arbuvollen Fjellbutikk) ligg om lag 5 minutt unna med bil, men er for tida nedlagt. Utanom denne må ein køyre til Haukeligrend for å handle daglegvarer. Skisenteret på Tyrveli er ein lokal samlingsstad både for aktivitet og kveldskos på kafé og fjellpub, mest om vinteren. Elles er det matservering på Vågslidtun hotell.

4.11 Barn og unge sine interesser

På Arbuvollen (1,5 km unna i luftlinje) ligg «Vasseventyret». Dette er ein 1,3 km lang tursti med aktivitetar for store og små. Turstien er tilrettelagt for barnevogn, med fiskeplass og to bålplassar. Næraste skisenter,

Haukelifjell skisenter, ligg 5 minutt unna med bil. Elles er den urørte utmarka rundt planområdet ein god leikeplass for barn og unge.

4.12 Trafikk

Tilkomsten til hyttefeltet skjer ved avkøyring frå E134 og gjennom eksisterande hyttefelt. Denne vegen er privat og er opparbeida med grusdekke.

Fartsgrensa på E134 er sett til 80 km/h. Vegkart hos Statens vegvesen gir ein ÅDT på 1422 forbi avkøyringspunktet til planområdet. 23% av desse er lange køyretøy (2020). Det er registrert fire ulukker på E134 i nærleiken av avkøyring til planområdet, men alle er av eldre dato (1983, 1986, 1987 og 1994).

Syklande og gåande deler den interne vegen saman med biltrafikk. Internt svingar trafikken relativt mykje i den delen av området som allereie er bygd ut med hytter. I samband med feriar og helger er trafikken ganske høg, medan den i vekedagane er låg. Nord i planområdet finst det ein traktorveg, som går aust/vest.

Dei eksisterande vegane er bygd i tråd med reguleringsplanen frå 2009. Dei held standarden til skogsbilveg klasse 3, dvs. breidde på 4 m inkl. skulder og maksimal stigning på 10%, med korte strekk på inntil 12%. Unntaket er tilkomsten til båtplass og pumpestasjon ved Arbuvatn. Her er vegen ca. 19% bratt på eit kort strekk. Horisontalkurvaturen held seg til omlag 30 m minste radius. Nokre stader er det fleire slake svingar etter kvarandre, som resultat av landskapstilpassing. Sikta er god langs tilkomstvegen, men noko redusert ved høgbrekk internt på Storrlineset. Sikta er tilpassa ei fart på 30 km/t og stort sett meir enn det. Vertikalkurvaturen er på nokre stikkvegar noko krappare enn standarden seier, dette er likevel akseptabelt i og med at det ikkje er tømmerbilar som skal køyre her.

Hovudvegen frå kryss med E134 og inn til planområdet («Vågslidvegen» og «Storrlitunet») er del av ein intern hovudveg regulert i 2006. Denne vegen skal syte for trafikk til og frå E134 mellom dei to kryssa på 99/10 i vest og 99/1 i aust. Den er dimensjonert til å tole trafikken som vil kome av ei maksimal utbygging i samsvar med KDP Vågslid frå 2002. Hittil er ikkje den vestlegaste delen av denne vegen bygd ut (99/10).



Figur 4-11: Intern tilkomst til planområdet (gul utheving)

Det blir av fleire heimelshavarar påpeika at det interne vegnettet i eksisterande hyttefelt er av låg kvalitet. Dette er truleg pga. dårleg vedlikehald (vaskebrett, ujamt slitelag, anleggstrafikk). Det er ikkje kjent om det har vore trafikkuhell på den interne vegen.



Figur 4-12 Grøne punkt viser registrerte trafikk-ulukker i nærleiken av plan-området (vegkart.atlas.vegvesen.no)

Det går rutebuss langs E134 som passerer planområdet, men det er ikkje oppretta busslomme i nærleiken av området. Næraste formel haldeplass er ved Fjellstad. Her er det ikkje høve til parkering og leskur. Ein betre plass er ved Tyrvelid skisenter, som har leskur og parkeringsplass.

Utanom parkering på eige tomt er det oppretta ein felles parkeringsplass i eksisterande hyttefelt. Denne blir i praksis berre nytta til gjennomkøyring for hytter som ligg lenger sør-vest i hyttefeltet. Parkeringsplassen var opphavleg etablert for Storrliåsen 43-49, som i gjeldande reguleringsplan ikkje har høve til køyreveg fram til tomtene. Det er nå etablert køyreveg likevel og alle hytteeiningar har biloppstillingsplassar på sine tomter.

4.13 Teknisk infrastruktur

På oppsida av (nord for) Storrlineset ligg hovudtraséen for kommunale leidningar for vatn og spillvatn. Situasjon og løysingar for VA er ytterlegare skildra i vedlagt VA-plan for planområdet.



Figur 4-13 Viser eksisterande kommunalt leidningsnett for VA i området (kommunekart.no).



Figur 4-14 El-forsyning av området (temakart.nve.no)

Kart frå NVE over regional- og sentral-nett (2010/2015) viser at det ikkje er eksisterande høgspent i planområdet. Dei næraste linjene (grøne linjer i figur 12) er distribusjonsnett til området.

4.14 Støy/luftkvalitet

Støysonekart frå Statens vegvesen viser at utbyggingsområdet ligg utanfor støysona til E134. Elles er det ingen aktivitetar i nærleiken som vil ha innverknad på støy-kvaliteten.

Figur 4-15 Støysonekart langs E134. Kjelde: www.vegvesen.no.

4.15 Grunnforhold og skred

I følgje NGU sitt berggrunnskart (målestokk 1:50.000) består planområdet av gneis. Lausmassane i planområdet består av morenemateriale (usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen). Infiltrasjonsevna (lausmassane sin evne til å lede bort vatn) i området er lite eigna.

Området ligg over marin grense, og reknast som ikkje geoteknisk ustabilt. Grunnforholda i planområdet gjev ein eigna byggjegrunn.

I følgje NVEs aktsemdskart ligg planområdet utanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang samt jord- og flaumskred.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Reguleringsformål/arealregnskap

Tabell 1 gjev oversikt og reguleringsføremåla i planforslaget i samsvar med. pbl. § 12-5 og § 12-6.

Tabell 1: Arealreknskap

Arealføremål	
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	**Areal (daa)**
1121 - Fritidsbusetnad-frittliggjande (39)	110,0
1171 - Utleigehytter	0,8
1420 - Skiløypetrasé (4)	6,7
1510 - Energianlegg (2)	0,1
1542 - Avløpsanlegg (3)	0,5
1588 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	0,8
1690 - Anna uteopphaldsareal	0,7
Sum areal denne kategori:	**119,7**
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	**Areal (daa)**
2011 - Køyreveg (9)	19,3
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (73)	24,1
2082 - Parkeringsplassar (2)	0,3
Sum areal denne kategori:	**43,7**
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	**Areal (daa)**
3031 - Turveg (7)	5,6
Sum areal denne kategori:	**5,6**
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift	**Areal (daa)**
5120 - Naturformål (20)	32,5
5130 - Friluftsformål (19)	195,5
Sum areal denne kategori:	**228,0**
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	**Areal (daa)**
6230 - Småbåthamn	0,5
6610 - Naturområde i sjø og vassdrag (22)	41,5
Sum areal denne kategori:	**42,1**
Omsynssoner	
§12-6 - Omsynssoner	**Areal (daa)**
140 - Frisikt (9)	0,3
190 - Andre sikringssoner (4)	67,8
320 - Flomfare (2)	18,8
370 - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar) (2)	0,4

560 - Bevaring naturmiljø	76,9
Sum areal denne kategori:	**164,3**
Føresegnområder	
§12-7 - Føresegnområder	**Areal (daa)**
2 – Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg	4,9
10 - Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak (4)	22,7
Sum areal denne kategori:	**27,6**
Totalt alle arealføremål (utan omsynssoner og føresegnsområde)	**439,0**

5.2 Plassering og utforming av bygg

Konseptet for ny utbygging let seg dele opp i 5 delområde:

<u>Delområde 1</u>:

- **Omfang**: 5 nye tomter (34-36, 69, 70). Tomt 69 er tiltenkt noverande eigar av 99/791. T34 ønskjer grunneigar sjølv å kunne bruke.
- **Nærverknad**: Desse ligg nært opp til eksisterande hytter. Det er likevel berre 99/790+791, som vil få utsyn til nokre av desse.
- **Landskapsomsyn**: Byggjegrensa på tomt 69 er trekt noko opp for å unngå sjenerande fylling eller bygg i lia mot Storrlitjønn. Tomt 35, 36 og 70 har byggegrense som sparar den øvste delen av tomtene for å unngå sterk eksponering i landskapet og terrenginngrep.
- **Tilkomst**: Eksisterande veg. Tomt 34 og tomt 69 får tilkomst via ein kort, ny stikkveg (SKV8).
- **Andre omsyn**: Eksisterande pytt inntil tomtene ønskjer ein å spare som miljøelement.



Figur 5-1: Avgrensing av delområde omtalt i kap. 5.2. Skisse tilhøyrer eldre versjon av plankartet. Sjå delkapittel 2.8 for oversikt over endring i tomteplan.

<u>Delområde 2</u>:

- **Omfang**: 6 nye tomter (29-33, 66).
- **Nærverknad**: Tomter ligg på lågare nivå enn eksisterande hyttebygg. Tomtene 31, 32 og 66 har sterke restriksjonar i byggjegrense, for å garantere optimale utsiktstilhøve for busetnaden over.

- **Landskapsomsyn**: Tomtene 29, 30, 33 har byggjegrenser, som sparar lia ned til neste høgdepall i terrenget og som tek omsyn til både eksisterande VA-leidning og 50 m beltet kring Arbuvatn i samsvar med KDP.
- **Tilkomst**: Via eksisterande anleggsveg langs VA-trasé, som oppgraderast til køyreveg. Ny stikkveg til tomter.
- **Andre omsyn**: Eksisterande VA-leidning må ikkje undergravast eller eksponerast for frost av nye tiltak. For tomtene 29 og 30 er byggjegrensene sett utanfor luktsona.

Delområde 3:

- **Omfang**: 10 nye tomter (22, 24-26, 37, 63-65, 67, 68).
- **Landskapsomsyn**: Tomtene ligg på eit lågt nivå og høyrer for det meste til eit eige landskapsrom på underordna nivå, som ikkje har kontakt med korkje Storrlitjønn eller Arbuvatn. Tomtene ligg nokså frie, med urørt terreng tett innpå seg. Tomtene 25, 26 og 67 har byggjegrense mot Arbuvatn i tråd med 50 metersgrensa i KDP. Tomt 22 har byggjegrense i tråd med 20 meterssone kring Storrlibekken. Tomtene 63 og 64 har byggjegrense som held busetnaden og inngrep lengst mogleg vekk frå våtmark kring vasspyttane. Desse to tomtene legg ein i tillegg noko høgare enn eksisterande terreng for å redusere trongen for omarbeiding av lia vest på tomtene. Begge tomtene er små. Dei fleste andre tomtene ligg med ei planeringshøgd som gjev god tilkomst frå køyreveg.
- **Naturomsyn:** For tomt 26 er tomtestorleiken redusert for ta omsyn til H560_2 (blanknål VU). Tomtene 63 og 64 er trekt vekk frå våtmarksområdet/myr.
- **Tilkomst**: Eksisterande veg til pumpestasjon og båthamn, ny veg innover mot vasspytt
- **Andre omsyn**: Storrlibekken og fleire pyttar gjev kontakt med vatn. For tomt 22 er byggjegrensa sett utanfor luktsona.

Delområde 4:

- **Omfang**: 10 tomter, T10-T17 og T20-T21. Delområdet skil seg tydeleg ut ved at tomtene ligg relativt spreidd, med ein del grønt ikring.
- **Nærverknad**: Byggjegrenser held busetnaden 8 m frå vegkanten til ny samleveg, og legg elles opp til at busetnaden ikkje medfører meir terrenginngrep enn naudsynt. I tillegg er byggjegrensene «saksa» for tomtene 14-17, slik at bygg på oppsida får utsikt forbi bygg på nedsida. Dette er naudsynt der høgdeskilnaden ikkje er stor nok.
- **Landskapsomsyn**: Planeringshøgder er tilpassa terrenget. Tomt 17 ligg inntil ei vegfylling, slik at plassering av hytta vil gli inn i det nye terrenget.
- **Naturomsyn**: Tomtene 10-12 er trekt vekk frå omsynssone bevaring naturmiljø H560_1, som er vegetasjonsbeltet mot Storrlinestjønni. Tomt 21 er trekt bort frå ein liten vasspegel.
- **Tilkomst**: Samleveg KV11, samt stikkveg KV6.
- **Andre omsyn**: For tomt 13 er byggjegrensa sett utanfor luktsona.

Delområde 5:

- **Omfang**: 33 tomter, 3-9, 19, 23, 27, 28, 38-56, 61-62.
- **Landskapsomsyn**: Tomtene ligg konsentrert på ryggen mellom Storrlitjønn og Arbuvatn. Området er ei nokså kompakt utbygging på nokonlunde same høgdenivå. Nordre del av tomtene vender mest mot nord, medan søndre del av tomtene vender mest mot sør. 12 av tomtene blir etablert først etter at mellombels masseuttak er avslutta, og ligg difor delvis langt under dagens terrengoverflate. Desse

tomtene er terrassert slik at det er sprang på 2 m mellom kvart nivå. I tillegg er byggjegrenser og møneretningar lagt slik at det blir mest mogleg utsyn mot vassdraget i sør for flest mogleg tomter. Byggjegrensene på tomtene i søndre og austre del av det mellombelse masseuttaket er lagt slik at dei held busetnaden (og inngrep) mest mogleg unna tomteareal, som ikkje inngjekk i masseuttaket. Tomtene mot nord har snevre byggjegrenser for å halde mest mogleg av tomtene urørt og vegetert. Dette skal betre fjernverknaden. Hyttebygg glir betre i terrenget med innramming av trevegetasjon. Lengst sør er byggjerekka brote fleire stader, der terrenget ikkje tillét utbygging. Tomtene 47-53 har byggjegrenser som held den eksisterande ryggen urørt i 16 m breidde. Lengst vest ligg 4 tomter (19 og 54-56) som er orientert mot vest.

- **Nærverknad**: Tomtene i nord langs den mest trafikkerte delen av samlevegen har fått byggjegrense på 8 m frå vegkant. Planeringshøgder på tomtene utanom mellombels masseuttak er sett i høve til eksisterande terreng, for å gjeve minst mogleg terrenginngrep.
- **Naturomsyn**: Tomtene 7-9 er trekt vekk frå omsynssone bevaring naturmiljø H560_1, som er vegetasjonsbeltet mot Storrlinestjønni. Tomt 19 er trekt bort frå vasspegelen mellom skiløypa og tomta.
- **Tilkomst**: Samleveg KV11

Delområde 6:

- **Omfang**: 3 tomter (57-59).
- **Landskapsomsyn**: Desse tomtene ligg i noko halling, 57 mot tjønna i nord og dei andre to mot Arbuvatn. Dei tre tomtene har alle snevre byggjegrenser for å avgrense terrenginngrep, særleg i lia ned mot Arbuvatn.
- **Tilkomst**: Via KV7

Utleigehytter
I opphavleg plan var seks tomter sett av til utleige. Fem av desse har fått dispensasjon for bruksendring i eigne vedtak. I samsvar med dispensasjonsvedtaka er desse tomtene vist som fritidsbustad og ikkje utleige. Tomt 99/854 har ikkje fått dispensasjon, og utleigeformålet blir derfor vidareført i denne planen. Føresegnene set krav om at utleigehytter skal vere disponible for utleige i fellesdrift i minst 9 månader av året.

Eksisterande tomter er lagt til felt FBF1. Her er det ikkje satt byggjegrenser, då mange av dei eksisterande hyttene bryt dei vanlege grensene på 4 m frå føremålsgrense. Generelle krav til byggjeavstand på 4 m frå eigedomsgrense gjeld framleis. 99/791 og 99/794 har fått utvida byggjeføremål inntil sine tomter, og juridisk linje «eigedomsgrense som skal oppheves». Her er det høve til å kjøpe tilleggsareal for desse tomtene etter vedtak av reguleringsplanforslaget, i tråd med ønsker frå hytteeigarane. Sjå illustrasjon til høgre.



Figur 5-2 Eksisterande tomter med tilleggsareal synt med raud sirkel

Nye hytter ligg i teigane FBF2, 3 og 4. FBF3 er nye standard tomter. FBF4 er fortettingstomter i eksisterande struktur.

Føresegnene krev bruk av naturmateriale, tre, stein, glas og torv med jordfargar. Tak skal vere tekt med torv, sedum eller med trebord som ikkje har ei reflekterande overflate. Hyttene skal ha saltak, med ein takvinkel på 25-35º.

Byggjehøgdene er avgrensa i tråd med føresegnene i kommunedelplanen for Vågslid. Maksimal mønehøgd er sett til 5,5. Anneks/uthus kan ha mønehøgd på mellom 3,5 og 4 meter, avhengig av storleiken på bygget.

Hovudeininga kan vere inntil 130 m^2 BYA. Tilhøyrande anneks/uthus kan vere på inntil 30 m^2 BYA. Ei vanleg tomt vil ha høve til (130+30) m² bygningsmasse, altså 160 m² totalt. Samla BYA er oppgjeve til 25%. Parkering skal reknast inn i BYA. Då kan ein setje opp primærbygg på 130 m^2 BYA, sekundærbygg på 30 m^2 BYA og parkering på 36 m^2 (totalt 196 m^2). Ei tomt på 1000 m² vil derimot ha «for høg» samla BYA, og vil difor ikkje ha heimel til å byggje ut 25% av tomtearealet.

Tomter med bratt helling er spesifisert i føresegnene. Her er primærbygget avgrensa til 100 m² og samla BYA skal ikkje vere høgare enn 20%, inkludert parkering. Totalt kan bygningsmassen ikkje overstige 130 m^2 BYA. På ei bratt tomt på 800 m² vil ein derfor kunne bygge ut 160 m^2 BYA (20%). Av desse gjeng 36 m^2 til parkering og 124 m^2 til bygningsmasse. Bygningsmassen kan fordelast på 3 bygningar, der primærbygget ikkje kan vere større enn 100 m^2 BYA. Ein må då anten redusere storleiken på hytta, eller la ver å byggje sekundærbygg i full skala. På ei bratt tomt på 1000 m² vil ein heller ikkje kunne bygge ut meir enn 130 m^2 BYA.

5.3 Trafikkløysingar

Planen legg opp til å nytte eksisterande avkøyring frå E134 og kanalisere trafikken gjennom eksisterande hyttefelt. Interne vegar held landbruksveg klasse 3. Eksisterande veg til pumpestasjon må utbetrast noko for å kome nærare krav i standarden, dette er synt med rekkefølgjeføresegn #2. Eksisterande vegar er namnsett med KV1,2,3 på plankartet.

Alle nye tomter får krav om 2 parkeringsplassar på eigne tomter. Eksisterande veg til hytter utan heimel til køyreveg blir formalisert som regulert veg. Felles parkeringsplass på toppen av Storrliåsen blir likevel regulert som parkeringsplass.

Nye vegar er planlagt til å halde krava i landbruksveg klasse 3.



Figur 5-3: Oversikt over vegteigar

KV4 er ein veg som delvis ligg i eksisterande traktorveg langs eksisterande VA-trasé. Totalt 6 tomter får tilkomst om denne vegen. Vertikalkurvaturen følgjer stort sett den eksisterande traséen (det er mogleg med mindre justeringar). Dette er naudsynt for at ikkje eksisterande VA-trasé skal få reduserte driftsvilkår (setningar, frost). Horisontalkurvaturen for denne delen av KV4 ligg fast.

I nord endar traséen i ein turveg, som fører opp til Storrliåsen. Det er også kopling til ein annan turveg, som er regulert bort til Arbuviki. Dette er del av det samanhengande turdraget frå aust til vest langsetter vassdraget. KV4 vil då delvis inngå i dette turdraget. Ein ny veg er lagt i terrenget oppunder toppen på det gamle hyttefeltet, som går til dei 6 nye tomtene i området. Også denne traséen ligg i KV4. Vegen er lagt i terrenget på bakgrunn av feltarbeid. Denne vegen endar i ein tursti, som går ned til småbåthamna. Ny vegtrasé skal halde landbruksveg klasse 3.

KV5 er ein ny vegtrasé, som ligg aust for den tørre knausen føreslått til utbygging. Totalt er det 7 tomter som har tilkomst langs denne vegen. Den kryssar knausen i eit lågpunkt, og held fram på vestsida av knausen til endes. Her ligg ein regulert tursti, som gjer at KV 5 blir ledd i den gjennomgåande aust-vest-turvegen langs vassdraget. Vegen er lagt i terrenget med bakgrunn i feltarbeid.

KV6 er ein ny stikkveg, som tar av frå ny samleveg KV11. Den går til 6 hytter. Vegen er lagt i terrenget ved å følgje eit søkk mellom to knausar. Ein byggjer opp ei fylling inntil tomt T17 for å halde stigningstilhøva innanfor krav til standarden. Vegen endar i ein snuhammar.

KV7 er ein kort stikkveg, som går til 3-4 nye tomter (62 vil truleg få tilkomst frå denne vegen). Vegen legg seg tett inntil eit tjern, som hovudsakeleg ligg på 99/10. Det er eit overløp frå dette tjernet, som gjer at vatn

kan sildre over eit breitt område på arealet til tomt 59. Veggrøfta må difor utformast til å leie vatnet til enden av KV7 og vidare trygt inn på terreng i tomtegrensa mellom 58/59.

KV8 er ein kort vegstubb frå KV3 og bort til dei nye tomtene i BFF4. Vegen er smal og har ikkje standarden til landbruksveg, av di den er tilkomst til berre to tomter.

KV9 er ein tilsvarande tilkomst til tomtene 63 og 64.

KV11 er samleveg og samstundes tilkomst til hyttene på ryggen mellom Storrlitjønn og Arbuvatn. Det er den lengste og viktigaste av dei nye vegane. Vegen byrjar ved KV3, der den tek av i ein noko spiss vinkel. Dette er naudsynt for å unngå veldig stor fylling inntil eksisterande veg. Vegen tek seg skrått over terrenget ned til eit lågbrekk over Storrlibekken. Toppen på vegen held ei kotehøgde på 810 m, dvs. 2 m over bekken. Det er krav til kulvert med minst 4 m ljosopning. Vegen tek seg så opp og held vidare ei balansert terrenghøgde.

Kring mellombels masseuttak er KV11 plassert på høgde med avslutta planeringsnivå. I vestre ende av vegsløyfa ligg vegen stort sett i terreng, med ei lita fylling lengst vest. Søndre delstrekning ligg litt lågare enn tomtene 48, 51 og 52 slik at ein ikkje treng å fylle opp tomtene 60 og 62 i større grad.

5.4 Friluftsliv og nærmiljø/uteopphaldsareal

Sti- og løypenettverket i Vågslid går i sløyfer rundt heile planområdet for Storrlineset. Utbyggingsområdet ligg på det næraste om lag 100 meter frå preparert skiløype, og ein legg ikkje opp til nye transportløyper fram til denne. Løypelaget på Vågslid har ifølgje grunneigar problem med å få betalt for det det kostar å preppe det eksisterande løypenettet og er truleg ikkje interessert i meirkostnader med berre lokal nytteeffekt. Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, i tillegg til reguleringsplanen, gjev likevel heimel til løypetrakking, dersom hyttevelforeining med grunneigars løyve på eige initiativ ønskjer å preparere lokale løyper. Ein har etter ynskje frå kommuneadministrasjonen lagt inn ei tilkomstløype mellom nye hytter og eksisterande skiløype. Denne løypa vil kunne preppast av til dømes hyttevelforeining.

Figur 5-4: Tursti, både på særskilde turvegtraséar og på køyreveg, og uteopphaldsområde



Ny sommarstitrasé (arealføremål TV) er regulert langs Arbuviki og sør-vestover heilt til den blir kopla inn på køyreveg KV11 ved tomt 61. Traséen skal bli opparbeidd som grusa sti i terrenget, brote berre ein plass der terrenget ikkje tillèt etablering av sti. På denne måten får ein ein samanhengande sti av høg kvalitet. Stien vil kunne bli ein samanhengande sti gjennom heile destinasjonen, dersom naboane i aust og vest følgjer dette opp i eigne planar. Naboen i aust har signalisert ønskje om å leggje stien i tråd med avslutninga på Storrlineset. Nabo i vest har ingen planar om utbygging per dags dato.

Eksisterande båtbryggje vidareførast i reguleringsplanen «som bygd» med føremål VS

(identisk med gjeldande plan). Denne ser ein på som ferdig utbygd, det er ikkje planlagt nye tiltak. Planområdet er omringa av skog/høgfjell og vassdrag, og det er kort veg til natur og friluftsliv.

Ein vel å ikkje følgje føresegna i KDP Vågslid om å etablere rundsti kring Storrlitjønn. Kvaliteten av ein sti langs Kjelavassdraget sjåast på som av langt høgare enn kvaliteten på ein eventuell sti kring Storrlitjønn. Omfanget på utbygginga svarar ikkje økonomisk for stiar på begge stader. I tillegg vil ein kunne knyte sti langs vassdraget til heile destinasjonen, mens sti kring Storrlitjønn berre vil ha lokal nytteeffekt for hytteeigarane i området.

Det er koplingar til eksisterande skiløype og sommarsti (stort sett i vegtrasé) innanfor det eksisterande utbyggingssteget. Ny sti langs vassdraget har kopling til regulert tursti langs vassdraget på eigedom 99/8. Denne planen er under revisjon, men skal (så langt planleggjar veit) oppretthalde stitraséen.

Figur 5-5: Regulert tursti på 99/8

Det er stilt krav til å opparbeide turstiar. Tursti i TV2 og TV9 skal vere etablert når det er gjeve byggeløyve for 30 tomter innenfor FBF2,3,4. Tursti i TV4 og uteopphaldsområdet i URB1 skal vere etablert, før ein kan gjeve bruksløyve for tomtene 23, 27, 28 og 38-46.Tursti i TV3 og TV6 skal vere etablert, før ein kan gjeve bruksløyve for tomtene 29, 30, 31, 33 og 66.

Særmerkte furutre er merka i plankartet som eksisterande tre, som ein skal bevare.

5.5 Teknisk infrastruktur

Løysingar for vatn og avløp er skildra i vedlagt VA-rammeplan for planområdet. Planen legg opp til at hyttetomtene skal knytast til privat VA-nett. Tiltakshavar ynskjer å overføre hovudnettet med pumpestasjonar til kommunen. VA-leidningar ligg stort sett i vegar, med unntak av nokre stader. Sjå VA-planen for oversikt.

- Mellom T17 og T27 ligger VA-leidning i grøntområde, som ein må setje i stand att.
- Frå T 69 og til 99/830 må leidninga liggje gjennom grøntområde, som ein må setje i stand att.
- Mellom KV8 og starten på KV11 må leidningar liggje på nedsida av vegen for å unngå for djup plassering. Ein må setje i stand grøntområdet att.
- Mellom T65 og KV5 må ein krysse grøntområde på ca. 10 m lengde.
- Mellom T13 og AV1 må leidning leggjast inntil tomtegrense og over 30 m grøntområde, som ein må setje i stand.
- Mellom T62 og TV4 ligg leidning delvis i grøntområde, dels på tomter. Leidning kjem så inn på turstien.

Omsynssoner set avstandskrav til bygging i nærleiken av vatn- og avløpsleidningar. I tillegg er det lagt inn ei luktsone kring avløpspumpestasjonar i tråd med krav i kommunedelplanen for Vågsli. Her kan det vere lukt, i tilfelle driftsstans i anlegget. Det ligg både eksisterande og nye tomter i luktsona. For dei fleste nye tomtene er byggjegrenser satt slik at hytta etablerast utanfor luktsona, parkering og uthus kan stå i luktsona.
Rekkefølgjekrav for tilknyting av VA på tomtene er knytt til bruksløyve. Også brannhydrantar skal vere etablert då.

Renovasjon vil halde fram som i dag med dagens renovasjonsplass ved avkøyring frå E134 til Svarttjønnåsen.

Det er plassert ny trafo (EA2) sentralt i feltet, slik at det blir mogleg å forsyne heile utbyggingsområdet med straum.

Figur 5-6: Ny trafo med fareområde

5.5.1 Vegnamn

Plan- og miljøutvalet vedtok 29.10.2025 følgjande vegnamn: Storrlitjønni, Storrliviki og Storrlistrondi.

Vegen som er vist som KV11 på plankartet blir Storrlitjønni. KV6 blir Storrliviki og KV5 blir Storrlistrondi. KV4 held fram som eksisterande Storrliåsen.



Figur 5-7 Illustrasjon av Storrlitjønna (blå) og Storrliviki (raud)



Figur 5-8 Illustrasjon av Storrliviki (raud) og Storrlistrondi (grønn)

5.6 Midlertidig massetak

Storrlineset ligger like nord for Arbuvatn i Vinje kommune. NGU sitt berggrunnskart (1:50 000) viser at berggrunnen i området er øyegneis, en omdannet dypbergart (Sigmond, 2005). Øyegneis er en vanlig bergart i Norge, som dannes i de dypere delene av en fjellkjede. Det er vanligvis ovale store feltspatkrystaller som danner «øynene» i en matriks av kvarts, feltspat og glimmer (Bryhni, 2026).

Over berggrunnen er det et tynt til usammenhengende dekke med morenemateriale (Norges geologiske undersøkelse, løsmasser, 2026). Det er ifølge NGU sin kartdatabase for pukk og grus ikke registrert noen grusforekomst ved Storrlineset, eller i umiddelbar nærhet. Nærmeste registrerte forekomst er lokalisert i Botn, i den østlige enden av Vågslivatnet. Dette er en israndavsetning, der det har forekommet massetak, men som også har blitt benyttet som lagerplass for knuste masser (Norges geologiske undersøkelse, pukk og grus, 2026).
Det midlertidige massetaket er planlagt lokalisert i bestemmeslesområder #1, som omfatter tomtene 23, 27, 28, og. 38-46 i tillegg til uteoppholdsområdet URB og deler av veien KV11. Massetaket er lokalisert sentralt i den delen av det fremtidige hyttefeltet, som har høyest utnyttelse. Etterbruken av uttaket vil være opparbeidelse til hyttetomter, svakt terrassert mot sør. En vegarm inngår i massetaket, og kan ikke realiseres før etter uttaket.

Intensjonen er å stille massetaket til disposisjon for entreprenøren, som skal opparbeide infrastrukturen i området. Det er entreprenøren, som må søke driftskonsesjonen. Uttaksarealet må nåes med en anleggsvei av tilstrekkelig kvalitet for å kunne kjøre til relevante maskiner. Arealet må avdekkes, avdekningsmassene lagres i ranker mot innsyn i samsvar med krav i planen. Trolig må avdekningsmassene suppleres med avdekningsmasser fra f.eks. anleggsveien for å danne tilstrekkelige skjermer. Rankene bør bygges opp med morenemasser i kjernen og stedlig vekstjord inkludert planterester og frøbank i de ytre lagene. På denne måten vil rankene revegeteres naturlig, og opprettholde stedets vegetasjon også for etterbruk av massene etter avslutning.

Arealet er etter avdekning tenkt sprengt ut sørfra og mot nord. Det er inntil 7 m mektighet på fjell, i tillegg kommer undersprengning. Det antas at det kan tas ut ca. 50.000 m³ fast fjell. Steinen er tenkt knust opp lokalt i tilkjørt, midlertidig knuseverk. Steinen blir siktet til fraksjoner som er nødvendige for utbygging av infrastruktur og delvis opparbeiding av tomter. Oppdeling av fraksjoner og omfanget av ulike fraksjoner vil være avhengig av resultatet fra steinprøver (Slitestyrke (Los Angeles-verdi), flisighetsgrad og frostmotstand).

For opparbeiding av infrastrukturen og tomter i hyttefelt med høy standard, regnes det med et behov for masser på mellom 500 og 1000 m³ per tomt. Massetaket vil dermed trolig dekke behov i feltet.

Bruksområdene for steinmassene er:

1. Bærelag og forsterkningslag (vei og plass)
    - Forsterkningslag under vei og plasser
    - Bærelag i veier (dersom mekanisk stabilitet, kornkurven, slitestyrke og frostmotstand er tilfredsstillende)
    - Slitelag på grusveier og på stier med universell tilgjengelighet
2. Fyllmasser og byggegrop
    - Komprimerte fyllinger rundt bygg
    - Oppfylling og planering av tomter
    - Som drenerende og/eller kapillærbrytende sjikt under gulv på grunn (hvis kornfordelingen egner seg)
3. Drens- og filtermasser
    - Materialet må produseres med riktig kornfordeling og lite finstoff
    - Drenslag langs grunnmurer
    - Drensgrøfter og grøftefylling rundt drensrør
    - Filterlag rundt ledninger/magasiner

5.7 Rekkefølgjekrav og gjennomføring

Dokumentasjon av kvalitet

Føresegnene presiserer dokumentasjonskrav til søknader om ramme- og igangsetjingsløyve, samt bruksløyve. Denne dokumentasjonen skal vere på plass og ev. godkjent for at ein kan gjeve løyve. Intensjonen med dokumentasjonskrava er å sikre at intensjonane med reguleringsplanen blir fylgt opp i den konkrete byggjesaka. Utan tilstrekkeleg dokumentasjon vil ikkje byggjesakshandsamar ha tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag.

Rekkefølgje om køyretilkomst

Før igangsetjingsløyve skal det i vere køyretilkomst for omsøkte tiltak. Dette gjeld for bygging på hyttetomter. Intensjonen er å sikre at det ikkje skjer køyring på mark. Det er også eit krav om at eit område lags eksisterande veg til Arbuvatn blir utbetra: Her har vegen for bratt halling og hallinga må vere slaka ut før hyttene, som brukar denne vegparsellen som tilkomst, kan bli bygd. Intensjonen er å trygge anleggstrafikken og andre trafikantar.

Krav til tilkopling til VA-nett

Før bruksløyve (mellombels- eller ferdigattest) skal bueiningane vere tilkopla VA-nettet og brannhydrantar skal vere etablert for tomter i dei nye felta. Dette for at brukarar skal ha tilstrekkelege hygienetilhøve, det ikkje skjer forureining og menneske med opphald i området er trygge ved brann. I tillegg skal dei to felles uteopphaldsområda samt heile den nye turstien vere opparbeidd før dei siste tomtene (innanfor mellombels massetak og tilstøytande teig) blir teke i bruk. Dette skal gjere det mogleg for utbyggar å ha noko inntekt for å kunne betale for opparbeiding av fellesområda, samstundes som brukarane av feltet har føreseieleg tidsramme for når desse felles godane skal kome på plass. I URB1 er det ikkje mogleg å ferdigstille tiltak før etter at massetaket er avslutta.

Ein stiller ikkje krav til rekkefølgje for avslutning av mellombels massetak, då dette tiltaket ikkje er søknadspliktig etter PBL. Det vil i staden vere ei konsesjonshandsaming av uttaket med heimel i minerallova, som vil setje krav til avslutning. Vinje kommune og berørte partar vil vere høyringspartar i konsesjonshandsaming.

6 Verknad av planforslaget

6.1 Overordna planar

Detaljreguleringsplanen for Storrlineset er i samsvar med kommunedelplan for Vågslid (2019-2031), som legg til rette for fritidsbustader (F).

Det er eit avvik frå KDP sine føresegner ved at reguleringsplanforslaget ikkje legg opp til sti kring Storrlineset. Likevel er det rekkefølgjekrav om å etablere tilsvarande sti langs hovudvassdraget. Intensjonen med kravet i KDP er å gje eksisterande og nye hytteeigarar eit lågterskeltilbod til nærrekreasjon, og denne intensjonen er oppretthalde.

I oppstartsmøtet ga planadministrasjonen signal om at sti langs vassdraget kan vere erstatning for sti kring Storrlitjønn. Planadministrasjonen har seinare gjeve attendemelding om at dei vil prioritere tursti kring Storrlitjønn. Tiltakshavar ønskjer heller å byggje stiar langs vassdraget for å auke rekreasjonseffekten for brukarar.

Planleggjar vurderer intensjonen med rekkefølgjekravet til å vere ivareteke. Valt løysing vil i tillegg ha noko effekt på større delar av Vågsli og kan kanalisere noko av ferdsla bort frå villreinen sine leveområde.

6.2 Verdiskaping og arbeidsplassar

Etablering av fleire hytter på Storrlineset vil skape verdi for Vågslid og Vinje som turistdestinasjon. Bruk av fritidsbustadane vil skape eit grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar som resultat av forbruk hyttebrukarane har behov for og drift/vedlikehald av hytter. Dette er godt dokumentert i rapporten frå Menon i 2016. Skisenteret på Tyrveli er avhengig av å få fleire turistar i vintersesongen, også løypelaget treng større inntekter for å oppretthalde dagens aktivitet. I tillegg kjem verdiskaping under utbygging. Ved bruk av lokale aktørar kan verdiskaping vere svært høg.

Planleggjar vurderer utbygginga til å ha positiv effekt på lokal verdiskaping og arbeidsplassar.

6.3 Landskap

I samband med planarbeidet har Sweco utarbeidd ein GIS-modell av reguleringsplanen, som syner nytt terreng. Tomter er modellert med maksimal tomteflate (innanfor byggjegrensene), og vil truleg bli planert i mindre omfang. Fylling og skjering for tomter er lagt i modellen. Vegar er forprosjektert og synast med rette høgder i modellen. Eksisterande vegetasjon er lagt inn i modellen, men er klipt bort innanfor inngrepsområde. Modellen er tilgjengeleg for alle interesserte. Ein kan slå av og på ulike kartlag for å få eit bilete av korleis tiltaka vil endre landskapet i planområdet. Modellen finn ein på: Storrlineset planutkast

Utbygginga av planområdet vil føre til ei endring i landskapet. Sidan planområdet er relativt lite, og planområdet sikrar vegetasjons- og landskapselement mellom hyttene, vil det totale landskapsinngrepet ikkje vere dominerande.

Tomtene i FBF4 ligg på naturlege hyller i landskapet og vil bli oppfatta som eit framhald av mønsteret i den eksisterande utbygginga. Planeringshøgder er satt for at utbygginga ikkje skal stikke seg fram i landskapet. Byggegrensa til T69 held utbygginga vekk frå lia og reduserer verknadene til landskapsinngrepet.

Tomtene 29-33 + 66 er utforma med særskild omsyn for naboane. Her vil utsiktstilhøva bli minimalt redusert. Soltilhøva vil ikkje bli råka i det heile. Byggjegrensene gjer det vanskeleg å byggje ut den maksimale BYA.

Figur 6-1 Utsnitt frå 3D-modellen for Storrlineset. Relevante tomter er merkt med tekst (feit for eksisterande adresse, kursiv for planlagt tomt)

Figur 6-2 Blikk frå 99/779 ned på T32. Denne tomta er visualisert i strid med påbode møneretning. Bak kan ein sjå tomt T30.



Figur 6-3 Eksisterande tomt 99/791 til høgre i framgrunnen og T70 til venstre i biletet. Ein skimtar også T69 bak eksisterande hytte (grå). Nye hytter glir fint inn i nabolaget. Nytt hyttefelt i bakgrunnen er underordna landskapet.



Figur 6-4 Blikk frå E134 mot hyttefeltet. Sjølv om deler av feltet er plassert på en rygg, glir utbygginga godt inn i landskapet. Utbygginga har ryggdekning i Vågslid villmark.

Ein har saksa byggjegrensene for tomtene 47-53 på ein måte som slepper inn både sol og utsikt. Nokre tomter ligg skjerma mot vest, her vil det vere lite kveldssol. Planframlegget vil ikkje ha innverknad på soltilhøve for eksisterande bygg.



Figur 6-5: Tomter vest i utbyggingsområdet har byggjegrenser, som opprettheld naturleg terreng og vegetasjon mellom hyttene



Figur 6-6: Kolle i landskapet blir spart for å skjerme mellombels masseuttak og delar av hytteutbygginga. Kryss mellom SKV3 og SKV11 synast i framgrunnen.

Ein vurderer at utbygginga er godt tilpassa det eksisterande landskapet. Omfattande inngrep blir tilstrekkeleg skjerma og eksisterande busetnad tek ein god omsyn til.

6.4 Naturmangfaldlova

6.4.1 Villrein

Som nemnt i kapittel 3.2 ligg planområdet innanfor regional plan for Hardangervidda. KDP Vågslid er vedteke med heimel i denne planen, og spørsmålet om villrein er utgreidd i denne. Belastninga for villreinen skal dermed vere klarert i overordna plan.

Planframlegget legg opp til 65 nye bueiningar. Ved bruk av kvar hytte med 4 personar i 60 døger i året, vil planframlegget tilføre destinasjonen 16800 overnattingsdøger i året. Hytteturistar brukar uteområda som regel aktivt, men av tidlegare studiar veit ein at 90% av ferdsla føregår på merka stiar/løyper. Dersom ein tek utgangspunkt i at alle overnattingsdøger medfører uteaktivitet, vil det vere 1680 turar i utmark utanom stiar og løyper. Ein må likevel rekne med at ikkje alle personar i hytta er med på alle uteaktivitetar, og at ferdsel utandørs ikkje skjer på alle dagar. Det vil truleg vere snakk om færre enn 1680 turar utanom stiar og løyper, og berre ein liten del av desse vil vere i villreinområde. Endå mindre del av desse turane vil faktisk føre til kontakt mellom turgåar og villrein. Dei fleste turane vil vere i nærleiken av hytta, om vinteren vil skisenteret og løypenettet fange opp det meste av aktivitet.

Likevel vil utbygginga føre til mykje ferdsel, som kan verke belastande for villreinområda. Difor er det viktig å auke omfanget og kvaliteten på tilbode for rekreasjon utanom villreinområda, slik at trafikken blir kanalisert på ein god måte. Eit viktig reiskap til dette er ein overordna sti- og løypeplan for heile destinasjonen. Det pågår eit arbeid i Vinje kommune med å få vedteke ein slik plan. I tillegg er det viktig å lage gode nærrekreasjonstilbod, som held hytteturisten mest mogleg innafor område, som ikkje vil bli brukt av villreinen. Planframlegget syner ein tursti langs vassdraget, som har mange spennande kvalitetar om sommaren. Den kan vere med på å kanalisere ferdsla langs elva, og kan dermed redusere trongen for ferdsle på umerka stiar. Særleg dersom ein vidareførar stien både aust- og vestover ut av eigedommen til tiltakshavar, vil den binde opp mykje av tidsbruken for uteaktivitet.

Planleggjar vurderer påverknaden på villreinen som klarert gjennom overordna planar. Utbygging kan medføre ein liten auke av forstyrringar av villreinen. Ein bør framskunde ein sti og løypeplan for destinasjonen. Sti langs vassdraget i tråd med planframlegg vil vere eit godt avbøtande tiltak.

6.4.2 Naturmiljø

Vedlegg 11 inneheld komplett konsekvensutgreiing for temaet naturmangfald. Denne konkluderer med at planlagd utbygging vil gje ein stor negativ konsekvens for naturmangfaldet i området. Grunngjevinga er basert på at store område med verdiar blir råka, og naturtypen boreal hei, som er funne i planområdet, blir redusert og til dels heilt fjerna.

§8 – Kunnskapsgrunnlag:
Kunnskapsgrunnlaget er basert på ein kombinasjon av nye synfaringar i området og eksisterande data frå Miljødirektoratet. Ein ser difor på kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Det er knytt ein liten usikkerheit til artar som ikkje er registrerte endå.

§ 9 Føre var – prinsipp
Den omfattande hytteutbygginga ein har sett i landet dei siste åra, har ført til eit auka fokus på korleis Noreg regulerer vidare utbygging. For den aktuelle planen blir det lagt opp til hytteutbygging innanfor boreal hei, noko som verkar negativt inn på naturtypen. Plasserer ein den aktuelle reguleringsplanen i eit større perspektiv, kan ein tenkje seg at små endringar ulike stader i landet vil føre til eit stort naturtap totalt. På den andre sida ser ein at det har vore byggeaktivitet i området tidlegare, noko som har ført til at naturmangfaldet her til ein viss grad allereie er forringa, i tillegg til den naturlege tilbakegangen naturtypen opplever når den ikkje blir heldt ved like.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning
NiN-kartlegginga viser at det verdifulle økosystemet boreal hei finst i området i dag, men at økosystemet er i

ferd med å gro att og endre seg til skogsmark. Dersom økosystemet skal iveratakast må skjøtselstiltak etablerast, som auka bruk av beitedyr. Utbygginga som planen legg opp til, vil direkte verke inn på naturtypen i form av mindre samanhengande areal. Ein kan også oppleve reduksjon i leveområda for artane som lever i området. Ein vil også oppleve større forstyrringar frå menneskeleg aktivitet, mellom anna biltrafikk, turgåarar og lysforureining.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing
Tiltakshavar skal dekkje kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, dersom dette ikkje er urimeleg frå tiltaket og staden sin karakter. Kapittel 2.3 b), 2.4 b), c) d) og f) og kapittel 4.1.6 i føresegnene sikrar at dette evt. blir utført. I tillegg har tiltakshavar tatt kostnadane for NiN-kartlegginga utført av Faun naturforvaltning.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
I føresegnene ligg det inne krav om korleis terrenginngrep skal utførast, og korleis ein skal utforme nytt landskap. Ein skal i størst mogleg grad ta vare på eksisterande vegetasjon, og store furutre er til dømes merka i plankartet som «eksisterende tre som skal bevares». Det er også lagt inn eigne føresegner som gjeld myr- og våtmarks-område. Det er lagt inn omsynssoner på 20 meter i samband med vassdrag, og ein skal ikkje bidra til spreiing av framande artar i anleggsperioden. For raudlistearten blanknål er det lagt inn ei eige omsynssone (H560_2).

6.5 Flaum

Som nemnt i kapittel 4.8 er det utført ei flaumanalyse med bakgrunn i at planområdet ligg inne i aktsemdsområde for flaum hos NVE. Utrekningane for denne analysen er utført for flaumstorleik Q200 inkludert klimapåslag. Analysen gjer ein vasstand ved Q200-flaum på kote 803,76 øvst i planområdet til kote 803,57 nedst i området. Vassfarta er sett til moderat. Resultatet av analysen viser at utrekna flaumsone er ein del mindre enn aktsemdsområdet til NVE, og at ingen av dei planlagde byggjesonene blir påverka av utrekna flaumsone. Sjå vedlegg 5 for å lese heile rapporten.

Storrlitjønn har historisk gått kraftig over sine breidder under snøsmelting. Dette har ført til vatn i skiløypa (ved tidleg smelting) og innlekking av vatn i avløpsnettet. Planprosessen har fokusert kraftig på at dette problemet ikkje må bli forverra av planforslaget. Sweco sine overvassingeniørar har difor utarbeidd eit eige notat om overvassmengder, som kjem inn på Storrlitjønn frå oppsida og går vidare gjennom Storrlibekken til Arbuvatn. Notatet syner at det ikkje kjem store vassmengder frå E134, desse blir leia bort på oppsida av vegen. Planforslaget vel likevel å krevje kulvert eller bru med minst 4 m breidde på ljosopning for kryssing av bekken med ny veg. Dermed vil kapasiteten for vatn vere meir enn god nok, ein har i tillegg ein større garanti for at ikkje ising, sno eller andre gjenstandar kan tette att dette viktige dreneringsdraget. Eksisterande problem blir ikkje løyst av dette, men tiltakshavar vil setje i gong tiltak for å betre tilhøva utanom reguleringsprosessen.

Nye utbyggingsområde ligg ikkje i flaumfareområde eller forverrar situasjonen med flaum/overvatn. Eksisterande problematikk med overvatn i delar av tidlegare utbygging må ein løyse gjennom andre tiltak.

6.6 Friluftsliv og rekreasjon

Planframlegget legg opp til auka kvalitet i friluftslivet om sommaren. Ny hovudsti langs vassdraget vil vere eit lokalt tilbod, som gjer det enkel for eksisterande og nye hytteeigarar å kome ned til vassdraget på. Stien vil gje varierte opplevingar, der ein både kjem gjennom små landskapsrom i sona før vassdraget, og kan oppleve den storslåtte naturen kring Vågslid villmark utan å krysse vassdraget.

Utbygginga vil medføre reduksjon i naturområde i planområdet. Dette reduserer potensielt nærturområde kvantitativt. Ein må auke kvaliteten på dei attverande område, dette blir gjort med tilrettelegging av turveg langs vassdraget og tilrettelagte uteopphaldsområde.

Tap av nærrekreasjonsområde blir kompensert med auka tilgjenge og kvalitet på dei attverande område.

6.7 Barn og unge sine interesser

Planen legg opp til areal i form av friluftsområde, der barn og unge kan opphalde seg i omgjevnader som gir rom gir leik og fysisk utfolding. Planlagt sti skal ha ein standard, som også mindre barn kan bruke. Etablering av hytter til kunne skape samvær mellom barn, unge og vaksne. Anleggsarbeid vil skje i avgrensa område. Trong for transport gjennom eksisterande område er redusert gjennom mellombels massetak.

Planen oppfyller rikspolitiske retningslinjer for barn og unge.

6.8 Eldre sine interesse

Hyttebyggjarar på tomter i nye hyttefelt er gjerne frå 50 år og oppover i alder. Hytta blir brukt mykje når ein blir pensjonist. Ei hytte er soleis i seg sjølv ein ting, som eldre set pris på. Hyttefeltet på Storrlineset del II er utforma med høg grad av tilgjengelegheit, og med koplingar til tursti av høg kvalitet, som sikrar at mange kan bruke den.

Det er ingen særskilde interesse for eldre som blir redusert på grunn av utbygging.

Planen har ein positiv konsekvens for eldre hyttebrukarar og ingen konsekvens for eldre i samfunnet elles.

6.9 Trafikk

Planforslaget vil auke trafikken gjennom eksisterande hyttefelt, i tillegg til at trafikkavviklinga i krysset til E134 vil auke. Dette vil føre til ei auka belasting på den interne tilkomstvegen, og slitasjen vil bli større. Dei 51 eksisterande tomtene (to av dei er ubygde i dag) genererer ein turproduksjon på omlag 153 bilar/døgn. Ein reknar med at dei 70 nye tomtene vil generere ein turproduksjon på 207 turar i døgnet. Dette må sjåast på som ein maksimalsituasjon, der alle hytter har belegg. Dette kan vere i vinterferie med lik ferieavvikling vestlandet/austlandet, eller i samband med påskeferie. Elles på året er det noko ujamt korleis hyttene blir brukt. Totalt vil ein maksdag generere 360 bilar/døgn etter utbygging.

Ein dagleg turproduksjon på under 400 bilar på 15 maksdagar er realistisk. Det har kome fram at nokre eksisterande hytteeigarar nyttar hytta i opp til 100 dagar i året (*dette svaret blei gjeve under koronapandemien i 2021*). Dette er langt over gjennomsnittet. Det vil vere varierande grad av samanfall mellom ulike hytteeigarar sine bruksdagar på hytta. Vi kan leggje til grunn at berre 20% av hyttene vil vere i bruk 250 dagar i året, at 50% av hyttene vil vere i bruk 100 dagar i året og at 100% av hyttene vil vere i bruk 15 dagar i året. Dette vil resultere i ein ÅDT på omlag 197, som er relativt lågt. Standarden til landbruksveg klasse 3 vil vere tilstrekkeleg for dette.

Ei dobling av talet på hytter vil likevel vere merkbar for dei som har hytter som ligg langs tilkomstvegen. Dette særleg fordi hyttetrafikken kjem konsentrert om kvelden på torsdagar og fredagar. Den største intensiteten på trafikken kan ein vente i vinterhalvåret. På denne tida er vegen snødekt. Dette gir svært dempa støybilete, og ikkje støv. Dekkstøyen blir om lag heilt borte. Brøytekantane på Vågsli er som regel høge, dette dempar støyen ytterlegare (motorstøyen blir borte, i den grad det framleis nyttast bilar med fossil motor i framtida). Vindstøy er ikkje relevant, då trafikken ikkje har tilstrekkeleg fart for at dette kan oppstå. Om sommaren er trafikken meir «strekt» og tilfeldig, men ein vil kunne høyre bilane betre. Det er særleg friksjonsstøyen frå dekka som vil vere merkbar. Om sommaren vil det også oppstå problem med støv, så lenge det er tørt.

Hytteeigarane er ikkje nøgde med kvaliteten på vegen i dag. Som nemnd tidlegare, er dette sannsynlegvis eit resultat av manglande vedlikehald. Ei dobling av trafikken vil føre til auka slitasje. Reguleringsplanen har ingen påverknad på korleis vedlikehaldet blir organisert og finansiert. Det synast likevel som om vegeigarane

og heimelshavarane til vegen må sjå til betre vedlikehaldsrutinar alt i dag. Fleire heimelshavarar vil medføre auka bruk, men også auka inntekt. Dette vil kunne styrke det økonomiske grunnlaget for betre vedlikehald av hovudvegen, men er avhengig av privatrettslege avtalar utanom reguleringsplanen sin verknad.

Ein kvar køyreveg vil alltid vere knytt til ein potensiell fare for trafikkulukker. Sannsynet og konsekvensen for ulukker vil kome av intensiteten på bruken, farta på køyretøya og standarden på vegen, i tillegg til særskilde omstende.

Hovudvegen inn i planområdet og bort til det planlagde utbyggingsområdet vil vere prega av låg intensitet (ÅDT 197), men på nokre dagar er det stort samanfall mellom brukarane sine turar. Standarden på vegen er god; Det er gjennomgåande nok breidde til at to bilar kan møtast. Om vinteren kan denne breidda vere redusert av brøytekantar. Farta er ikkje regulert, men dimensjonerande fart ligg rundt 30 km/t i planområdet grunna svingar og kryss. Vegen gjev høve til høgare fart enkelte stader. Særskilde omstende for sannsyn kan vere born som leikar i køyrebana i område med kort framoversikt for bilistar, kanskje med motsol. Eller islagd vegbane etter vinterregn før strøtraktoren har kome. Det føreligg ikkje nasjonale data for statistisk sannsyn for bilulykker i hyttefelt. Ein ser i ulykkesstatistikken at dei fleste alvorlege ulykkene skjer på landeveg med fart over 70 km/t og i urbane strøk med komplekse trafikale tilhøve. Dei siste 10 åra er det ikkje rapportert om trafikkulykke på Storrlineset.

Når det gjeld konsekvens, så vil farta vere avgjerande. Dersom farta ligg på under 30km/t, vil faren for alvorlege skade i møte mellom to bilar vere låg. Ulykke mellom fotgjengar og bil på under 30 km/t vil ha alvorleg konsekvens, men fotgjengaren har i det minste ein sjanse for å klare seg dersom vedkomande får helsehjelp. Dersom farta kjem over 30 km/t, vil fotgjengarar ha minimal sjanse til å overleve, også to møtande bilar vil kunne gjeve fatale skadar på passasjerane i denne farta. Det er ingen særskilde omstende langs vegen som har utslag for konsekvens (fjellvegg, stup eller allétre langs vegen). Sjå elles til vedlagte ROS-analyse.

Fart er den avgjerande faktoren for å redusere sannsyn for hendingar og for å redusere konsekvensen av eventuelle hendingar. Reguleringsplanen påverkar ikkje fartsgrensene på den private vegen, men veglaget kan sjølve sette opp (svarte, ikkje bindande) fartsgrenseskilt og eventuelt etablere fartsdempande tiltak (fartshump, flyttbare hindringar, m.fl.). Planleggjar kan ikkje sjå at det er direkte fare knytt til trafikkauken som følgje av planframlegget. Samstundes er det ein potensiell restrisiko for trafikkuhell, som ikkje er ønskjeleg med tanke på nullvisjonen for trafikkuhell.

Støvproblematikken av trafikken vil vere eit punktvis problem ved spesielle tider i sommarhalvåret. Den det gjeld vil likevel kunne oppleve problemet som sjenerande. Vegstøv kan vere helseskadeleg, avhengig av kva bergart som er brukt i slitelaget på vegen. Reduksjon av fart vil vere eit godt reiskap for å redusere også støvdanning. Elles vil godt vedlikehald, med påføring av støvbindande middel, bidra til redusert plage. Trafikkmengda tilseier ikkje asfaltering av vegen. Asfaltering vil også gjeve ulemper: Auka risiko for glatt veg, auka avrenning og overvassproblematikk. Asfaltert dekke vil ofte auke farta til bilistane, dette er ikkje ønskjeleg.

Anleggstrafikken vil resultere i tunge køyretøy. Trafikk under rigging kan ein neglisjere. Under utbygging av infrastruktur vil det vere mykje transport av masse, som ein planlegg henta frå eige massetak. Denne trafikken vil ikkje kome i kontakt med trafikantar, med unntak av trafikken til småbåthamna. Utbygging av dei einskilde tomtene vil krevje innkøyring av materiale, som samlevegen vil vere råka av. Tomtene vil bli bygd ut over lang tid, ein kan rekne med ein periode på 10-15 år. I snitt vil dette resultere i anleggstrafikk til 5-7 hytter årleg. Anleggstrafikk vil skje på kvardagar på dagtid i barmarksesongen. Korkje infrastruktur eller hyttene vil bli bygd om vinteren, når det er mest aktivitet på dei eksisterande hyttene.

Planleggjar vurderer det eksisterande vegnettet til å vere tilstrekkeleg dimensjonert for å tole den planlagde auka i trafikkmengda. Ein vurderer også trafikktryggleiken til å vere tilstrekkeleg. Planleggjar rår til at veglaget ser på vedlikehaldsrutinar og punktvise fartsdempande tiltak. Utviding

av talet av brukarar kan styrke det økonomiske grunnlaget for betre vegvedlikehald på den mest trafikkerte delen av vegen.

6.10 VA-infrastruktur

VA-planen syner at alle nye einingar vil bli knytt til VA-nettet. Nokre einingar (eksisterande og nye) vil liggje innanfor omsynssone for lukt kring pumpestasjonar. Desse er dimensjonert i tråd med krav i KDP Vågslid (100 m kring pumpestasjonar). Ved vanlege vindretningar vil ikkje nye bueiningar bli råka av lukt ved driftsstans. Eksisterande pumpestasjonar har ingen historikk på luktsjenanse. I tilfelle der lukt blir til sjenanse, har kolfilter vore løysningen. Intensjonen er å bruke same leverandør på VA-komponentar, slik at same kvalitet vil føreligge for den nye stasjonen. Ein vurderer difor at intensjonen med omsynssonen i kommunedelplanen er teke vare på.

Brannhydrantar er plassert slik at dei kan bli brukt til å fylle tankbilane til brannvesenet på 3 punkt. I og med at brannvesenet har utstyr tilpassa eldre hyttefelt, er dette ei løysing som er føremålstenleg.

Vassforsyninga er blitt oppgradert av Tyrvelid vassverk, og vil bli ytterlegare styrka. Vinje kommune held på med å styrke drifta til reinseanlegget også, slik at utslepp frå anlegget vil kunne halde ein jamnare kvalitet innanfor godkjende verdiar.

VA-infrastrukturen er forprosjektert til å forsyne nye bustader med reint drikkevatn og sløkkevatn, og til å føre bort kloakk frå området på ein trygg og miljøvenleg måte.

6.11 Støy og luftkvalitet

Med tanke på støy og støv langs interne vegar, sjå avsnitt om trafikk.

Det er i utbyggingsperioden lagt opp til eit midlertidig massetak i planområdet. Dette vil føre til auka mengde av støv og støy i områda rundt. Denne støyen vil vere kortvarig og er lagt til tider på året med lite aktivitet i hyttefeltet. Støymodellen syner at støyverdiane for eksisterande hytter vil halde seg under helsefarlege verdiar, men vil kunne bli oppfatta som plagsame av menneske med høg sensitivitet for støy. Støvutvikling bør ein overvake i produksjonsperioden.

I etterkant av produksjonen av steinmassane vil massar ligge for lokalt bruk. Støy frå dette vil ikkje overstige vanleg anleggsstøy. Støvutvikling vil ikkje skje under lagring, men kan oppstå ved lasting/losssing og annan anleggsaktivitet. Lagringsplassen for knust stein er skjerma visuelt, og vil bli gradvis tømt for stein.

Planforslaget tek grep for å redusere belastninga av nærområda med støy og støv under utbygging.

6.12 Midlertidig massetak

Basert på løsmassekart og eksisterende kunnskap om området, forventes det lite løsmasser i form av morenemateriale, over fast berggrunn. Det er neppe realistisk å forvente mer enn 5000 m³ avdekningsmasser. Store deler av det midlertidige massetaket vil derfor være utsprengte masser av berggrunn, som består av øyegneis.

Etablering av et internt massetak vil redusere behovet for tilførsel av masser til anleggsområdet med tungtransport, som igjen reduserer belastningen på vegnettet og støv/støy i nærliggende hytteområder.

Mye av steinmassene fra det midlertidige massetaket vil bli benyttet til opparbeiding av et første utbyggingssteg med veg- og VA-infrastruktur. Resterende del vil bli liggende igjen for å benyttes til påfølgende byggetrinn, og for bruk i byggegroper for nye hytter. Det kan også være aktuelt å bruke steinmasser til vedlikehold av eksisterende veier i hyttefeltet.

Det midlertidige massetaket vil i anleggsperioden føre til økt mengde støv og støy til områdene rundt. Det vurderes likevel at støyen vil være kortvarig, og lagt til en tid på året med lite aktivitet i hyttefeltet. Dette er nærmere beskrevet i kapittel 6.11.

Tidsavgrensningen i bestemmelsene skal sørge for å holde belastingen for eksisterende hytteeiere på et minimum. Bestemmelsene åpner for to alternative tidsrom, som begge er i perioder med lav aktivitet i hyttefeltet. I tillegg skal tidsrommet for de mest krevende aktivitetene (boring, sprenging og knusing) gjennomføres på bare 6 uker.

Det vil fortsatt være en visuell sjenanse i nærmiljøet av at ferdig produserte masser ligger i området. For å gi naboene en tilstrekkelig forutsigbarhet, er dette tidsrommet avgrenset til 10 år. Massetaket er planlagt skjermet gjennom terrenget og eksisterende vegetasjon i bestemmelsesområdet #5, pålagte ranker i bestemmelsesområdet #6 vil i tillegg vegeteres og etter hvert gi en stadig økende skjermingsvirkning.

Støvdannelse fra lagrede masser vil være minimal. Det vil være aktivitet med kjøring av lastebil til lagringsstedet, pålessing av masser med gravemaskin og uttransport med lastebil. Aktiviteten vil trolig pågå i forbindelse med utbygging av delområder med VA-ledningsnett og veger, og dermed pågå i et sammenhengende tidsrom. Aktiviteten i massetaket må da sees på som del av totalaktiviteten i området. Her vil det både være støy- og støvproduksjon.

Når massetaket er tømt for produserte masser, vil terrenget opparbeides til regulerte planeringshøyder og rankene med avdekningsmasser fjernes. Løsmassen vil bli brukt til opparbeiding av ikke-bebygde deler av de fremtidige tomtene, slik at disse vegeteres med stedegen vegetasjon fra tidspunktet til opparbeidelsen. Dette kan være lenge før disse tomtene vil bli bebygd med hytter, slik at landskapet vil ha muligheten til å «gro» raskt.

6.13 Klimaavtrykk arealendring

Eit areal tar opp og slepper ut klimagassar, avhengig av arealbruk og prosessane som skjer på arealet.
Opptak av biogassar frå atmosfæra skjer når biomasse (vekster som for eksempel skog, buskar og gras) i vekst tek opp og lagrar karbon i jord, røter, stamme og bladverk gjennom fotosyntesen.
Utslepp av klimagassar skjer når biomassen forbrenn eller bryt ned naturleg. I tillegg kan arbeid med jorda auke nedbrytinga av det organiske materialet i jordsmonnet og gi auka utslepp av CO2.
Ein antar at karboninnhaldet i jorda stabiliserast 20 år etter arealbruksendring.

Endra bruk av areal vil difor kunne medføre endringar i utslepp eller opptak av klimagassar.

Areal blir klassifisert i en av 6 arealbrukskategoriar;

- Skog
- Dyrka mark
- Beite
- Vatn og myr
- Utbygd areal
- Annan utmark

Arealbruken før og etter skal plasserast i ein (eller fleire) av desse kategoriane.

I dette planområdet er alt område som blir endra, kategorisert som impediment lauvskog. Dvs. lauvskog som er dårleg/ ikkje egna til skogproduksjon. Jordarta er mineraljord, dvs. jord sanna ved forvitring av berggrunnen. Mineraljorda inneheld opptil 20% organisk materiale, og er den vanlegaste jordtypa på alle areal som ikkje tidlegare har vore myr/våtmarksområde.

Etter endring er alt område satt i kategori utbygd areal.

Inngangsdata for beregning

1. Velg kommune hvor arealet ligger:	Vinje			
Kommunenummer:	3825			
Før arealbruksendringen:				
2. Velg antall arealbrukskategorier som får arealbruksendring: (opptil 4 overganger)	1			
	AREAL 1			
3. Velg arealbrukskategori før endringen:	Skog		For skog må følgende **fylles ut**:	
4. Fyll inn størrelse på arealet:	84,7	dekar	Treslag:	Lauvskog
	8,5	hektar	Bonitet:	Impediment
5. Velg jordart for hele arealet:	Mineraljord			
Etter arealbruksendringen:				
6. Velg arealbrukskategori etter endringen:	Utbygd areal			

Resultater: Samlet effekt på utslipp/opptak fra arealbruksendringen

Utslipp eller opptak fra arealene over 20 år, dersom man ikke hadde omgjort bruken:

Fra	Til	CO_2	CH_4	N_2O	Klimagasser i alt	
Skog	Skog	-187,1	144,5	10,8	-31,7	tonn CO_2-ekvivalenter
	SUM	**-187,1**	**144,5**	**10,8**	**-31,7**	tonn CO2-ekvivalenter

Negative tall betyr opptak av klimagasser, positive tall betyr utslipp.

Utslipp eller opptak fra arealene over 20 år fra arealbruksendringen:

Fra	Til	CO_2	CH_4	N_2O	Klimagasser i alt	
Skog	Utbygd areal	2467,3	0,0	0,0	2467,3	tonn CO_2-ekvivalenter
Sum	SUM	**2467,3**	**0,0**	**0,0**	**2467,3**	tonn CO2-ekvivalenter

Negative tall betyr opptak av klimagasser, positive tall betyr utslipp.

Nettoeffekt av arealbruksendringen over 20 år:

	CO_2	CH_4	N_2O	Klimagasser i alt	
Utslipp/opptak fra arealene uten å endre arealbruk	-187,1	144,5	10,8	-31,7	tonn CO_2-ekvivalenter
Utslipp/opptak dersom endringen gjennomføres	2467,3	0,0	0,0	2467,3	tonn CO_2-ekvivalenter
Arealbruksendringens klimaeffekt	**2654,4**	**-144,5**	**-10,8**	**2499,0**	tonn CO_2-ekvivalenter

Merknad: dersom *negativt* tall vil endringen i arealbruk netto medføre mindre klimagassutslipp enn før, eller mer CO2 opptak
Positivt tall betyr at endringen medfører høyere utslipp, eller lavere CO2 opptak fra atmosfæren. Positive tall er merket rødt

Resultata av arealbruksendringas klimaeffekt over 20 årer eit utslepp på nesten 2500 tonn CO2-ekvialenter.

7 Oppsummering av risiko- og sårbarheitsanalysen

I samband med ROS-analysen viser eit seg å vere utfordrande for planområdet:

- Trafikkulukke
- Utslepp av lukt frå avløpsanlegg

Ein kan redusere risikoen som er knytt til hendinga gjennom risikoreduserande tiltak. Desse er sikra gjennom føresegner og plankartet på følgjande måte:

Trafikkulukker

- Sikring av sikt i vegkryss og avkøyringar
- Det er utført trafikkanalyse

Avløpsanlegg

- Sikringssoner for lukt og føringar innanfor sonene
- Tinglysing av heftelse ved tomter
- Plassering av hyttetomter etter dominerande vindretning

Ingen av tilhøva som er avdekt i ROS-analysen vil medføre så stor risiko at dei skulle tilseie at tiltaket ikkje kan gjennomførast.

8 Kjelder

Litteratur

- Fiskeribiologisk undersøkelse i Vågslidvatnet og Bitdalsvatn i Vinje kommune, 2017 (UiO/Naturhistorisk museum).
- Ringvirkninger av reiselivet i Vinje (Menon 2016)

Lover og retningslinjer

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) LOV-2008-06-27-71
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) LOV-2009-06-19-100
- Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-854
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift) FOR-2017-06-19-840
- Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften) FOR-2009-06-26-861

Rapportar som er utarbeidd i samband med planforslaget:

- Farevurdering flom (Sweco, 2021)
- Åsan, E., Onsøien, J.B., Engh, A. & Roer, O. (2023) Naturtypekartlegging ved Storrlineset, Vinje kommune. *Faun rapport 024.* Faun Naturforvaltning AS.